



Ulvik herad
Perla i Hardanger



Årsrapport 2021

2021

Innhaldsliste

1	Ulvik	3
2	Stab	15
3	Barnehage (220)	25
4	Undervisning (230)	31
5	Helse	42
6	Teknisk	54
7	Finans (290)	74

1 Ulvik

1.1 Rådmannens innleiing

TILBAKEBLIKK PÅ 2021 - SLIK RÅDMANNEN SER DET

Me starta året 2021 på same vis som me forlet 2020, med koronapandemi som den største og viktigaste oppgåva å handtera, særleg innan helse, men også innan skule, barnehage og andre kommunale tenester. Etter nesten 1 års erfaring gjekk me likevel året friskt i møte. Lite visste me i januar 2021, kva slags utfordringar me skulle møta oss i slutten av månaden - og det var kanskje like bra.

Den 28. januar 2021 kom det melding om smitte i ein familie i Ulvik. Kommuneoverlegen forsto at dette var noko meir enn berre eit par tilfelle i ein familie og det vart difor kalla saman til møte i kommunal kriselerding. Dette vart starten på meir enn 1 månad med mange smitta, mange sjuke, stenging av skule og barnehage, heimekontor, sjukehusinnleggelsar, heimeundervisning, innleige av personell frå andre kommunar og helseforetak, mobilisering av Røde Kors til å bistå oss, og ei rekke andre tiltak. Surrealistisk, var ord som vart nytta. Men likevel, i ettertid; me mista ingen. Det gjekk bra! Me har fleire som framleis slit med etterverknaden etter å ha vore korona-sjuke, og dette er sjølvsagt leit og skal takast på det største alvor, men igjen - Me mista ingen!

Når me oppsummerer året, så ser me tilbake på eit heilt år med korona i samfunnet. Eit heilt år med restriksjonar som har skapt utfordringar for næringsdrivande, for kommunale tenester, for heimane. Me fekk vaksiner på plass og det vart sett både 1 og 2 og 3 vaksinedosar i løpet av dette året. Restriksjonar vart lempa på då det var rom for det, for så å verta innført att, når ny smittesituasjon krevde det. Det var nasjonale føringar og restriksjonar som vart gjeldande, med unntak av tida me hadde vårt lokale utbrot. Då var det naudsynt med lokal forskrift for å unngå at situasjonen skulle gå heilt ut av kontroll.

I september gjennomførte me økonomiplanseminar på Finse. Der hadde me faglege innlegg og viktige drøftingar om økonomisk status og vegen vidare. Me hadde to overnattingar, noko som gav god tid til uformelt lag på kveldstid. I ettertid har me likevel konkludert med at det vil vera tilstrekkeleg med ei overnatting på slike seminar og at me legg seminar til Finse ein gong i val-perioden.

Sjølv om hovudfokus har vore på tilpassing av drift til covid-situasjonen som har fulgt oss heile året, så har me og fått arbeidd med planar. Me har ikkje kome så langt me hadde håpa med enkelte planar, mellom anna beredskapsplanen, men mykje er på plass. Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ferdigstilt, medan fleire tema- og strategiplanar er kome langt nok til å ferdigstillast i 2022.


Frå 1. januar overtok me driftsansvaret for turistkontoret att, med ein fast tilsett og to ungdomar. Grunna oppussingsbehov og omorganisering vart ikkje oppstarten før i slutten av april, men erfaringane har vore gode og ein har registrert behov for auka ressurser om pandemisituasjonen tillet.

Kompensasjonar frå staten, pensjonsinntekter og skatteinngang har gitt god økonomi i 2021. I samband med pandemien har staten gjeve tilskot til heradet til dekking av koronarelaterte utgifter. Utbrotet me hadde i januar-mars fekk me 100 % inndekning for, elles rundt 30% for meirkostnadar resten av året. Tilskot til næringslivet har kome i tillegg og vorte utdelt etter søknad gjennom heile

året.

Me har eit samla mindreforbruk, justert for fondsbruk, på kr 4 602 000. Netto avsetjing til disposisjonsfond er 4 552 000

1.2 Årsmeldinga sitt føremål



Årsmeldinga er heradstyret sitt verkty for å kontrollera om heradet møter sine lovpålagte forpliktingar, og utgjer grunnlaget for økonomiplanprosessen for 2021-2024.

Årsmeldinga er heimla i kommunelova §§14-2 og 14-7 og skal utarbeidast for føregåande rekneskapsår, innan 31. mars kvart år og vedtakast samtidig som årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal skildra status for og resultat av verksemda, økonomisk status og opplysa om høva for likestilling, forsvarleg kontroll og høy etisk standard i verksemda. Økonomiske avvik i hove årsbudsjettet skal skildrast med orsakar.


Ovannemde vurderingar danner grunnlaget for avklaringar i 2021 og oppfylgingsbehov i

økonomiplan 2022-2025.

1.3 Organisasjon

1.3.1 Organisasjonskart

Administrativ organisering pr. 31.12.2021



Resultateiningsmodellen er ein organisasjonsmodell med to avgjerdsnivå: Rådmann og resultateiningsleiarane. Resultatteiningsleiarane er kommunalsjefar for sine einingar.

Kva er ei resultateining?

Ei resultateining er ei tenesteytande verksemd (til dømes ein skule eller ein barnehage) som har fått delegert det fulle ansvar og mynde innafor eige budsjett i arbeidet med å oppnå målsettinga med verksemda.

Ved innføring av resultateiningsmodellen i kommunal organisering er målsettinga å styrka heradet sin rolle som samfunnsaktør, brukar ressursar effektivt og sikra god kvalitet på yta tenester. Heradet skal venda seg meir mot innbyggjarane som brukarar og borgarar og betre kontakt med private og andre offentlege aktørar.

Resultateiningsprinsippet baserer seg på tanken om ”fridom og ansvar hand i hand” der medarbeidaren er ressursen. Større fridom og ansvar i møte med brukaren tillèt meir fleksibilitet og kreativitet i viset medarbeidarane løyser førespurnadar på. Prinsippet baserer seg vidare på lagorganisering og eigen medverknad og fordrar kompetanseutvikling og oppnåing av målbare resultat.

For at resultateiningane skal fungera etter intensjonen må leiarane for desse ha mynde i alle saker som rører ved personalet, som tilsettjingar, endring av stillingar og oppseiingar.

Det har vore planar om å slå saman skule og barnehage til Oppvekst, men dette har vorte utsett pga

pandemiarbeid og andre forhold. Det er mål om å ta opp att dette arbeidet i 2022.

1.3.2 Nøkkeltal for personalområdet og likestilling

Personalstatistikk for 2021	
Tal tilsette	163
Tal menn	48
Tal kvinner	115
Gjennomsnitt løn (i heile tusen)	5 019
Gjennomsnitt løn (menn)	4 931
Gjennomsnitt løn (kvinner)	5 054
Del deltidstilsette (menn)	60 %
Del deltidstilsette (kvinner)	45 %
Del midlertidig tilsette (menn)	13 %
Del midlertidig tilsette (kvinner)	10 %
Tal veker foreldrepermisjon (menn) - ikkje snitt	16
Tal veker foreldrepermisjon (kvinner) - ikkje snitt	66

Når det gjeld deltid, er det fleire årsaker til at det fins:

1. Det er nokre teneste som har mindre omfang, t.d. brannmenn som er tilsett i 2 % stillingar, kinopersonale, etc. Dette vil vera tilfellet innan nokre fagfelt.
2. Det er nokon som ynskjer å jobba deltid av fleire årsaker: Små barn, har økonomisk fridom til det, har anna arbeid, f eks eigen gard/ eiga verksemd, etc
3. Nokon må jobba deltid pga helsemessige utfordringar
4. Med turnusarbeid er det vanskeleg å ha berre heile stillingar, det vil bli noko deltid, bl. a. helgevakter/tilsette
5. Nokon jobbar ufrivillig deltid og ynskjer meir arbeid.

Det skal gjennomførast ei kartlegging av frivillig og ufrivillig deltid vinteren 2022, denne vil gje oss nokre svar på omfanget slik at ein kan setja inn gode tiltak i etterkant.

1.3.3 Sjukefråvær

Sjukefråvær	2018	2019	2020	2021
Totalt (eigenmelding og legemeldt kort- og langtidssjukefråvær)	5,90 %	5,62 %	6,30 %	6,78 %

2020 og 2021 har vore år som har vore prega av Covid 19 og strenge krav til å vera heime om ein har forkjøleses- og influensasymptom, noko som kan vera teikn på Covid 19. I tillegg har det vore ein meir-belastning på organisasjonen og dei tilsette med strenge smittevernreglar og stadige endringar i smittevernreglane og tilrådingar. Desse momenta er nok forklaringa på at sjukefråværet har vore høgare enn vanleg i 2020 og 2021. Det har vore kompensasjonsordningar for Covid 19 der Staten har dekka deler av arbeidsgjevarperioden og fråvær med sjukt barn når det har vore sjukefråvær relatert til Covid 19, så me har fått økonomisk kompensasjon som har dekka for det

auka sjukefråværet.

1.3.4 Kompetanseutvikling

Plan for kompetanseutvikling for Ulvik herad er frå 2007 og er moden for revidering. Det er stort fokus på kompetanseutvikling i einingane i Ulvik herad og det vert gjennomført mange gode kompetansehevingstiltak gjennom kurs, fagutdanningar og tilleggsutdanning, men me saknar ein overordna kompetanseplan. Kompetanseplanen skal ifylge planstrategien reviderast i 2021, men p.g.a. pandemi og mykje arbeid relatert til handtering av denne, vil dette arbeidet bli starta i 2022.

Stab:

Økonomiavdelinga og stabssjef deltek på aktuelle kurs innan personal, tariff og økonomi. Tenestetorget deltek på kurs innan arkiv, kultur deltek på fagdagar innan kultur og idrett, reiseliv og næringssjef deltek på kurs og konferansar innan næring og samfunn og IT deltek på fagdagar innan IT-feltet og digitalisering.

Stab har arrangert kurs for tilsette innan økonomistyringsprogramma Stratsys og Arena, Avvikssystemet Compilo og sakshandsamingsprogrammet Websak Focus. I tillegg har stab arrangert fleire kurs innan Helse, miljø og tryggleik-feltet for leiatarar, mellomleiatarar og verneombod.

Skule:

Fleire tilsette ved Brakanes skule har i 2021 teke kompetansegevande tilleggsutdanning i norsk, engelsk, matematikk og spesialpedagogikk. Alle utdanningane gjev 30 stp. To tilsette har også teke mastergrad i fagområda logopedi og samfunn, menneske og teknologi.

Heile personalgruppa har delteke på kurs i ADHD, Tourettes og angstlidingar, samt oppfriskingskurs i bruk av interaktive tavler. I tillegg har skulen delteke på førelesningar om organisasjonskultur frå Høgskulen i Vestland i samband med oppfølgingsordninga.

Éin tilsett har vorte Logos-sertifisert.

Barnehage:

Vi har arbeidd i 2021 med inkluderande barnehagemiljø i 2021. dette er ikkje avslutta, men vil fortsett vere på agendaen i 2022.

Ein tilsett studerte master i organisasjon og leiing, nest siste året. Ho skal levere avsluttande masteroppgåve sommaren 2022.

Helse og omsorg:

To tilsette har teke leiardanning med studiepoeng. I tillegg har tre tilsette vorte sertifiserte i prosjektleiing og ein tilsett har teke pedagogisk rettleiing med studiepoeng

Plan, teknikk og eideom:

Det vart ikkje gjennomført tiltak for kompetanseheving i 2021, men behovet vart kartlagt og

innarbeidd i budsjett -og økonomiplan for 2022-2025.

Tre reinhaldarar har i 2021 meldt seg opp til fagprøve. Eksamens/fagbrev finn stad i 2022.

1.3.5 Helse, miljø og tryggleik - HMT

Det har vore 3 møter arbeidsmiljøutvalet (AMU) i 2021 og 2 møter i administrasjonsutvalet (ADM). AMU er eit administrativt organ der 3 kommunalsjefar, 2 tillitsvaldrepresentantar, 1 hovudvernombod og 1 representant frå bedriftshelsetenesta deltek. AMU handsama 40 saker i 2021 og hadde mange faglege drøftingar. Arbeidstakarsida overtok leiarvervet november 2021 og Eivind Bergo vart leiar (Sigrun Uppheim som vara har vore fungerande leiar ut året). Annlaug Brandstveit vart nestleiar.

Det er oppretta eigne arbeidsmiljøgrupper i einingane der tillitsvalde og verneombod har jamlege møte med leiinga.

Det har vore gjennomført vernerundar på alle verneområde, og det vart delt ut midlar til tiltak basert på funn i vernerundane. Det er årleg sett av inntil 80 000 til dette føremålet. Det er verneombuda som bestemmer fordeling av midlane.

Ulvik herad har trimaksjon og innført ny ordning med digital kampanje, dytt.no, som skapte mykje engasjement og høg deltaking. I tillegg sponsrar Ulvik herad treningskort og anna aktivitetskort med inntil kr. 600.

Det har vore stor aktivitet innan HMT-området i Ulvik herad og det er jamlege møter mellom administrasjon og hovudverneombod. Det har vore gjennomført helsekontrollar for tilsette, støymåling, oppfølging av miljøretta helsevern i skule og barnehage, oppfølging av radonfunn på skule og tiltak for å normalisera dette, debriefing av tilsette i etterkant av Covid 19-utbrot, vaksinering, kurs i handtering av AKAN-saker, oppdatering og utarbeiding av HMT-dokument og digitale system, m.m. Ulvik herad samarbeidar med Bedriftshelse1 om HMT-arbeidet.

AMU har fylgjande lovpålagde oppgåver som har vorte arbeidd med i 2021:

- Handsama spørsmål som angår bedriftshelsetenesta og vernetenesta
- Handsama spørsmål om opplæring og instruksjon på område som kan ha betydning for arbeidsmiljøet
- Handsama planer om nye lokaler, prosesser eller ombyggingar som krev samtykke frå Arbeidstilsynet
- Handsama andre planer som kan få vesentleg betydning for arbeidsmiljøet, som nye maskiner, rasjonaliseringstiltak, endringer i arbeidsprosessar og forebyggjande vernetiltak
- Delta aktivt i kommunens helse-, miljø- og tryggleiksarbeid. Delta i kartleggingar, utarbeiding av handlingsplaner og gje råd i høve til prioriteringar og tiltak
- Vurdere helse- og velferdsaspekter ved arbeidstidsordninger
- Gjennomgå alle rapporter om ulykker, nestenulykker og sjukdom som kan skuldast arbeidsmiljøet. Ha fokus på årsaken til hendinga og sjå til at arbeidsgjevar gjer det som er nødvendig for å hindra at det skjer igjen
- Gjennomgå alle rapporter om yrkeshygieniske undersøkingar og måleresultater
- Handsama spørsmål om tilrettelegging for arbeidstakarar med redusert funksjonsevne
- Utarbeida årsrapport om arbeidet.

AMU har hatt 3 møter i 2021 og handsama desse sakene:

- Vedlikehaldsplan
- Status personal etter Covid 19-utbrotet
- Avvikssystemet Compilo. Gjennomgang og presentasjon
- Suppleringsval i arbeidsmiljøutvalet - varamedlem
- Avvik Ulvik herad 2020
- Vernerunder 2021 og HMT midlar
- Årsrapport for Bedriftshelse1, 2020
- Årsmelding AMU 2020
- HMT plan 2021 - overordna. Revidering
- Trimaksjonen 2021
- Miljøretta helsevern: Skulen og barnehage
- Miljøretta helsevern barnehage og skule. Status
- Status personal etter Covid- 19 utbrotet
- Suppleringsval i arbeidsmiljøutvalet - varamedlem arbeidstakarsida tillitsvalde
- Opplæring AMU- medlemar 2019-2023
- Orientering tariff 2021
- Status vedlikehaldsplan i einingane
- Status trimaksjon 2021 og fastsetting av trimaksjon for 2022
- Digitalisering av vaktmeistertenesta. Famac
- Gjennomgang av ny Lønspolitisk plan for Ulvik herad
- Vernerunde og tildeling av HMT-midlar 2021
- AKAN-arbeidet i Ulvik herad. AKAN-plakat
- Vernerunder 2021 og tiltaksplanar. Status
- Val av ny leiar og nestleiar i AMU for perioden november 2021 til november 2023.
- Oppdatert HMT-hovudbok
- Møterom-fasilitetar Sentrumsbygget
- Miljøretta helsevern i barnehage og skule. Status
- Vedlikehaldsplan og Famac-orientering ved kommunalsjef for plan, teknikk og eigedom
- Ulvik omsorgstun - kartlegging av støy. Orienteringssak
- Budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025
- Retningsliner for bruk av sosiale medium for tilsette i Ulvik herad
- Møteplan for AMU 2022
- Omorganisering av teknisk drift. Orienteringssak

Alle tilsette fekk rett før jul helsing frå leiinga og utdelt julegåve frå Ulvik herad.

Det er registrert 92 avvik i 2021. Dette er ein liten nedgang frå 2020 (97). Det er fokus på at tilsette melder avvik løpende, slik at me kan oppdatera rutinar og prosedyrer for å sikra best mogleg drift. Nytt avvikssystem vart innført frå 01.01.2021, og det er gjeve informasjon om og opplæring i dette.

Det er gjennomført årleg medarbeidarsamtale med våre tilsette.

1.3.6 Beredskap

I 2021 til liks med 2020 har heradet stått i ein beredskapssituasjon med handtering av Covid 19-

pandemien. Åra 2020 og 2021 har vore veldig krevjande for alle tilsette i Ulvik herad der ein har brukta mykje tid og ressursar på å handtera den faktiske situasjonen, nye smitterverntiltak i form av stadig nye påbod og retningsliner. Vinter 2021 var Ulvik herad ein av dei første kommunane som hadde eit utbrot med den britiske varianten av koronaviruset og det vart jobba døgnet rundt i 4 veker for å handtera situasjonen. Erfaringa er at tilsette og innbyggjarar i Ulvik stiller opp når det verkeleg trengst, og det er ei stor vilje blant tilsette og innbyggjarar til å ta i eit tak og hjelpe andre.

Det er utarbeidd ny brannordning for Ulvik herad. Brannordninga inneber beredskapsanalyse, risiko- og sårbarheitsanalyse og anna lovpålagt dokumentasjon på organisering og dimensjonering av brann- og redningstenesta i heradet. Det er utarbeidd ny ROS analyse for Ulvik brannvern og analyse og plan for førebyggande arbeid for brannførebyggande tiltak. Me har også jobba med utgreiing av moglege løysingar for å få på plass godkjent brannstasjon.

Beredskapsplanar for vatn og avløp er utsett til 2022 og vil verta utarbeidd saman med ny VA-plan.

Brakanes skule har laga eigen beredskapsplan i høve smittevern, for raskt å kunna skifta mellom ulike nivå på den såkalla "trafikklysmodellen". Planen er utarbeidd i dialog med dei tilsette og dei tillitsvalde. Dei sentrale smittevernrettleiarane har vore til god hjelp i arbeidet.

Heradet har delteke på minst eitt pandemirelatert møte i veka med Statsforvaltaren, dei fleste saman med Folkehelseinstituttet (FHI), Helsedirektoratet, kommunane i Vestland, helseforetaka, m.fl.

I tillegg har det vore pandemirelatert rapportering kvar veke. Det har vore stort informasjonsbehov og dette har dekka gjennom jamleg publisering av informasjon på heradet si heimeside og innbyggjarapp, samt sosiale medium.

Det at me har stått i ein operativ beredskaps- og krisesituasjon i 2 år har forsinka arbeidet med beredskapsplanverket. Me har oppdatert relevant planverk for pandemisituasjonen, men har ikkje hatt rom for å jobba nok med heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og overordna beredskapsplan. Desse planane, samt einingsvise beredskapsplanar, ynskjer me å få på plass så snart situasjonen tillet.

1.3.7 Etikk

Ulvik herad har etiske retningslinjer som vart vedteke i 2007, og som er modne for revidering. I planstrategien er etiske retningslinjer planlagt revidert i 2022.

I tråd med retningslinene vert det gjennomført bodprosess for offentlege innkjøp, når lov om offentlege anskaffingar krev det. I 2021 har me også gjort dette i samband med kjøp av individuelle bu- og omsorgstenester.

1.3.8 Klima og miljø

Miljøarbeid

Heradet arbeider målretta for å nå miljømåla i energi-, klima- og miljøplanen. Overgang til energisparande lyskjelder, opprusting av varmeanlegg og oppfylgjing av energikostnadene er i fokus. Heradet praktiserer og ombruk av datautstyr.

I tillegg til denne planen er fleire miljømål stadfesta i kommunedelplan for vatn, avlaup og miljø, mellom anna god kvalitet på drikkevatn og tilfredstillande reseptientundersøking. God kvalitet på drikkevatnet er stadfesta gjennom jamlege tilsyn frå Mattilsynet. Ved siste tilsyn i 2020 var det

ikkje avvik.

Pga. koronapandemien og auka ressursbruk for handtering av denne har me ikkje sett i gong revisjon av VA-plan i 2021. Arbeidet med revidert VA-plan er planlagt starta i 2022.

Me har lagt til rette for meir bruk av elbilar i heradet under bygginga av omsorgstunet. Bygget har 4 godkjende ladalarar, som kommunale tilsette kan nytta. I 2021 har me søkt tilskot til etablering av fleire ladepunkt ved kommunale bygg, mellom anna ved Sentrumsbygget. Ulvik herad har fått kr 200 000 frå Miljødirektoratet til dette føremålet. Prosjektet vert realisert i 2022.

Miljøfyrtårn

Sentrumsbygget er Miljøfyrtårnsertifisert. Bygget skal resertifiserast kvart tredje år. Siste gong bygget vart resertifisert var i 2019. Me har vedtak om at alle kommunale bygg skal miljøfyrtårnsertifiserast, men dette arbeidet er omfattande og har ikkje vore prioritert. Me har som mål å jobba meir med dette i 2022.

Miljøfyrtårn er eit verktøy for å jobba konkret med berekraft innan område som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Miljøgruppa på Sentrumsbygget har årshjul for dette arbeidet og leverer årleg inn klima- og miljørappoart innan 1.april. Rapporten vert lagt fram som melding for politikarane.

Miljø er eit område som ein Cittaslow-kommune bør ha fokus på.

1.4 Internkontroll og tilsyn

1.4.1 Internkontroll

Kravet om heradet sin internkontroll fylgjer av kommuneloven sin §25-1 som presiserer minstekravet til kva rutiner og system ein kommune må ha på plass.

Lova seier mellom anna dette :

"Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering*
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer*
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll"*

Arkivplan:

Heradet har ein nettbasert arkivplan som del av vår internkontroll for dokumentasjonsbehandling (arkivplan.no). Arkivplanen er tilgjengeleg for både interne og eksterne brukarar og vert revidert årleg. Arkivplanen gjev bindande retningslinjer for behandling av all informasjon og dokumentasjon i heradet. Arkivlova med føresegner ligg til grunn for prosess- og rutineskildringar.

For tilsette:

Under sida «for tilsette» på heimesida har me lagt lenker til interne rutiner, reglar og reglement,

avviksinnmelding, system, m.m.

Personvern, GDPR:

Me nyttar systemet DraftIt i personvernarbeidet.

Heradet sin avtale om personvernombodsteneste med Kvam herad vart avslutta hausten 2021. I desember inngjekk me avtale med Bergen kommune om personvernombodsteneste frå og med 2022.

Vedtaksoppfølging:

Dei nye rutinene rundt vedtaksoppfølging som vart innførte i 2020 fungerer bra. Ein kan no enkelt henta ut status for politisk vedtekne saker. Sakshandsamarane og leiarane har fått eigne korger i sakssystemet som inneholder politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar sakshandsamar sjølv status.

Avvikssystem, Compilo:

Avvikssystemet har vore i drift i eitt år. Det er meldt inn 92 avvik i heile organisasjonen i 2021, noko som er for lågt. Me vil halda fram med å ha fokus på innmelding av avvik.

- Alle tilsette har tilgang og kan fylgja status på sine innmeldte avvik
- Leiarane har ansvar for handtering av meldte avvik, og dokumenterer handteringen i systemet
- Leiarane hentar ut rapportar og statistikk og jobbar med avvik på systemnivå i sikkerheitsforum (leiargruppa). Sikkerheitsforum er oppretta i samband med personvernarbeidet.
- Verneomboda har lesertilgang til avvik meldt inn i kategorien helse, miljø og tryggleik (HMT).

Jamleg opplæring:

Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet (Websak) om lag kvar 6. veke

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll:

Revisjonen har i 2020 utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 til 2023. Dette er ei lovpålagnad oppgåve som heradsstyret har ansvaret for å få gjennomført minst ein gong per valperiode. Planane skal vedtakast første året etter kommunevalet og dannar grunnlaget for kontrollutvalet sine prioriteringar.

I samband med gjennomføringa vart det utført ei analyse over moglege risikoområde knytt til heradet sin tenesteproduksjon og drift. Denne analysen er omtalt i kommunelova som risiko- og vesentlegvurdering (ROV). Som ledd i dette arbeidet hadde revisjonen eit prosessmøte med den administrative leiinga, saman med ordførar, politiske gruppeleiarar, kontrollutval og sekretariat for Ulvik herad. Møtet vart og nytta for å få innspel til eigarskapskontrollen.

I møtet gjekk ein gjennom konkrete risikoområde i Ulvik herad, som ein bør ha fokus på og kva konsekvensar det kan få for den eller dei som vert råka. Det var særleg drøfta risiko og konsekvensar relatert til tre perspektiv;

- Innbyggjarperspektivet
- Organisasjonsperspektivet
- Samfunnsperspektivet

På bakgrunn av gjennomført prosessmøte og utført analyse, la revisjonen fram "Plan for

forvaltningsrevisjon" og "Plan for eigarskapskontroll" for kontrollutvalet.

1.4.2 Tilsyn

Det har vore branntilsyn i barnehagen i 2021, elles ikkje eksterne tilsyn i 2021. Dei ulike tilsynsmynde har hatt redusert tilsynsaktivitet grunna pandemien.

1.5 Økonomisk status

Driftsrapport 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Ulvik						
Inntekt	-207 337 000	-166 724 000	-175 863 000	-31 474 000	-218 723 000	-155 592 000
Utgift	207 337 000	166 724 000	175 863 000	31 474 000	218 723 000	155 592 000

Resultat

Før justering for bruk av disposisjonsfondet hadde Ulvik herad i 2021 eit mindreforbruk på 6,42 millionar kroner. Dette talet inkluderer vedteken fondsbruk på 1,87 millionar kroner.

Justert for bruk av disposisjonsfond i 2021 var mindreforbruket på 4,55 millionar kroner.

Mindreforbruket skuldast ei raus kompensasjonsordning frå staten, der mykje av meirutgiftene til pandemien har vore dekka av ekstraordinære skjønnsmidlar.

Justert for dette har heradet hatt vesentlege ekstrainntekter. 4,2 millionar i meirinntekter frå straumsal måla mot justert budsjett, 1,7 millionar i ekstra skatteinntekter som fylgje av auka fordelingsnykkel mellom stat og kommune, 0,9 millionar i ekstra eigedomskatteinntekter og 4 millionar i positivt premieavvik frå pensjonsoppgjeret. Dette har i stor grad kompensert for bortfall av inntekter i helsesektoren og eigarutbyte, samt meirkostnadane knytt til pandemien som det ikkje har vore mogleg å få kompensert.

Økonomisk utvikling og handleevne

Heradet har fått ei solid styrking av disposisjonsfondet med gode resultat to år på rad, og sjølv om dette dels skuldast staten si kompensasjonsordning har heradet likevel fått betre moglegheit til å handtera framtidige utfordringar.

Heradet sin økonomi er framleis i stor grad avhengig av kraftinntekter og svingingar i kraftmarknaden og er sårbar trass i eit godt årsresultat. Me har vore tidleg ute med oppgradering av vass- og avløpsanlegga og det tilhøyrande nettet. Heradet er difor betre stilt enn mange andre kommunar, som må gjera dette i nær framtid. Økonomien er i balanse, med rom for prioriterte investeringar som må gjerast på kort sikt.

Etter 2021 har heradet god økonomisk handleevne for den komande økonomiplanperioden, og ei økonomisk utvikling som er positiv.

Økonomiske måltall

Type nøkkeltal	Resultat 2021	Mål for 2021	Avvik mot mål
----------------	---------------	--------------	---------------

Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	2,74 %	1,75 %	0,99 %
Dispositionsfond i % av driftsinntekter	11,51 %	10 %	1,51 %
Brutto renter og avdrag i % av driftsinntekter	5,1 %	<10%	Lågare enn krav
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	77,86 %	<95%	Lågare enn krav

2 Stab

2.1 Organisasjon

2.1.1 Nøkkeltal for personalområdet og likestilling

Nøkkeltal for personalområdet innan stab:

Tal tilsette: 17

Tal årsverk: 11,23

Årsaken til at det er mange tal tilsette i forhold til årsverk er:

- Det er 3 personar som har 6%-stillingar på kino.
- Det er 2 personar som kombinerer stilling i stab med stilling i anna eining, har 100% til saman, men vert registrert som deltid i stab.
- Det er eit par deltidsstillingar grunna helseutfordringar.

Kjønnsbalanse:

- Det er 11 kvinner og 6 menn i stab
- Kjønnsfordeling deltidsstillingar:
 - Menn:
 - Heiltid: 23 %
 - Deltid: 67 %
 - Kvinner
 - Heiltid: 45 %
 - Deltid: 55 %

Tal mellombels tilsette per kjønn:

- Menn: 0
- Kvinner: 9 % (1 person)
- Tal veker foreldrepermisjon per kjønn
 - Menn: 0
 - Kvinner: 0

2.2 Drift og økonomi

2.2.1 Innleiing

Staben har fylgjande teneste på sitt budsjett:

1000	Heradstyre/formannskap
1001	Politiske råd og utval
1003	Val
1004	Revisjon, kontrollutval

1000	Heradstyre/formannskap
1005	Politiske komiteer
1200	Felles administrasjon
1201	IKT
1204	Personal - felles
1206	Rådgjevar Skule-Barnehage
1209	Adm. Fagområde
1804	Eldreråd
1805	Ungdomsråd
3250	Tilrettelegging næringsliv
3650	Kulturminneforvaltning
3700	Ulvik folkebibliotek
3730	Kino
3750	Museum
3770	Kunstformidling
3800	Støtte idrettsorganisasjonar
3850	Kulturadministrasjon
3851	Lokalhistorisk arkiv
3852	Andre kulturaktivitetar
3900	Kyrkja
3920	Andre religiøse formål

2.2.2 Status på drift og måloppnåing på ansvarseininger

2.2.2.1 Økonomi

Driftsrapport 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Stab						
Inntekt	-17 919 000	-7 960 000	-8 385 000	-9 534 000	-10 936 000	-7 610 000
Utgift	34 810 000	25 376 000	26 509 000	8 301 000	27 418 000	25 126 000
Netto	16 891 000	17 415 000	18 124 000	-1 233 000	16 482 000	17 516 000

Den store auken i inntekter og kostnader på stabsområde skuldast kompensasjonsmidlar (Korona) til næringslivet som har ein + og - føring i rekneskapen. Totalsum på kompensasjonsmidlar til næringslivet i 2021 er kr 2.881.500. I tillegg er det endra rekneskapspraksis slik at løyvd bruk av næringsfondet kostnadsførast ved løyving og ikkje ved utbetaling. Dette har auka driftskostnad og

fondsbruk med kr 2.043.300

Årsakane til det store mindreforbruket (positivt resultat) er primært:

- Koronakompensasjon
- Lågare pensjonskostnader enn estimert fra pensjonsleverandør
- Refusjon fra KS på OU-fond
- Innføring av ny standard (lovpålagt) for sjølvkostområdet VA
- Fokus på å halda budsjettet.

Løyvingsoversikt B investering 2021

	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Stab							
2 104	IT maskinvarer						
	Utgift IT maskinvarer	175 000	2 585 000	680 000	-505 000	162 000	2 040 000
	Netto IT maskinvarer	175 000	2 585 000	680 000	-505 000	162 000	2 040 000
2 120 Ny trådlaus infrastruktur 2019							
	Utgift Ny trådlaus infrastruktur 2019	0	0	75 000	-75 000	0	0
	Netto Ny trådlaus infrastruktur 2019	0	0	75 000	-75 000	0	0
2 122 Ikt politikar 2019 - 2023							
	Utgift Ikt politikar 2019 - 2023	0	0	0	0	6 000	0
	Netto Ikt politikar 2019 - 2023	0	0	0	0	6 000	0
2 124 Elektronisk arkiv og redesign nettside 2020							
	Utgift Elektronisk arkiv og redesign nettside 2020	188 000	0	240 000	-52 000	176 000	0
	Netto Elektronisk arkiv og redesign nettside 2020	188 000	0	240 000	-52 000	176 000	0
2 125 HA brannmur							
	Utgift HA brannmur	0	0	0	0	379 000	0
	Netto HA brannmur	0	0	0	0	379 000	0
2 126 Wifi EU							
	Utgift Wifi EU	0	0	0	0	79 000	0
	Netto Wifi EU	0	0	0	0	79 000	0

	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
2 127	Vm-ware 2020						
	Utgift Vm-ware 2020	0	0	0	0	422 000	0
	Netto Vm-ware 2020	0	0	0	0	422 000	0
2 128	Utstyr KKL						
	Utgift Utstyr KKL	0	0	0	0	90 000	0
	Netto Utstyr KKL	0	0	0	0	90 000	0
2 129	Innkjøp Ulvik turistkontor 2021						
	Utgift Innkjøp Ulvik turistkontor 2021	0	0	90 000	-90 000	0	0
	Netto Innkjøp Ulvik turistkontor 2021	0	0	90 000	-90 000	0	0
2 130	Digitalisering heradsstyresalen						
	Utgift Digitalisering heradsstyresalen	82 000	0	1 500 000	-1 418 000	30 000	0
	Netto Digitalisering heradsstyresalen	82 000	0	1 500 000	-1 418 000	30 000	0
2 131	UPS2021						
	Utgift UPS2021	86 000	0	0	86 000	0	0
	Netto UPS2021	86 000	0	0	86 000	0	0
2 226	Korona kostnader						
	Utgift Korona kostnader	0	0	0	0	111 000	0
	Netto Korona kostnader	0	0	0	0	111 000	0
2 227	Dataarbeidskartlegging						
	Utgift Dataarbeidskartlegging	0	0	0	0	183 000	0
	Netto Dataarbeidskartlegging	0	0	0	0	183 000	0
2 228	Visit Ulvik 2020						
	Utgift Visit Ulvik 2020	0	0	0	0	10 000	0
	Netto Visit Ulvik 2020	0	0	0	0	10 000	0
4 452	Tømestasjon bubil 2020						
	Inntekt Tømestasjon bubil 2020	0	0	0	0	-100 000	0

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Utgift Tømestasjon bubil 2020	0	0	0	0	1 000	0
Netto Tømestasjon bubil 2020	0	0	0	0	-99 000	0
5 100 Dagsturhytte						
Inntekt Dagsturhytte	-350 000	0	0	-350 000	-50 000	0
Utgift Dagsturhytte	1 078 000	0	0	1 078 000	50 000	0
Netto Dagsturhytte	728 000	0	0	728 000	0	0
Inntekt	-350 000	0	0	-350 000	-150 000	0
Utgift	1 608 000	2 585 000	2 585 000	-977 000	1 700 000	2 040 000
Netto	1 258 000	2 585 000	2 585 000	-1 327 000	1 550 000	2 040 000

2.2.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
210	12,23	11,83	0,4

2.2.2.3 Oppfølgning av mål satt i økonomiplan

1. Oppgradera IKT-struktur i Ulvik herad

Det har vore jobba med å sjå på ny digital løysing for heradstyresalen. Dette prosjektet vart endra til å sjå på den totale møteromstilgangen og tilhøyrande digital struktur. Dette også sett i relasjon til den omfattande bruken av personalkantina som primært møterom. Prosjektet ligg no hjå eining for plan, teknikk og eidegod og skal opp til politisk handsaming i 2022.

KommuneTV vart kjøpt og installert. Dette for å offentleggjera møte frå heradsstyret som vert halde på Teams. Turistinformasjonen kom i drift på vårparten. Her vart ny infrastruktur installert og det vart lagt til rette for kommunalt nettverk. Ny UPS (naudstraum) vart installert på Sentrumsbygget.

Det har vore arbeidd med tilrettelegging for heimekontor under Koronapandemien, med tilhøyrande innkjøp av naudsnyt utstyr. I tillegg vart det lagt til rette for at personar utanfrå kunne arbeida i heradet og få tilgang til IKT-systema.

Ulvik herad sökte fylkeskommunen i 2020 om støtte til fiberutbygging i områda rundt Ulvikapollen, (tidlegare NKOM-midlar) og fekk 4,5 mill. i stønad. Dette prosjektet vart seinare avlyst då ein leverandør valde å bygge ut området på eiga rekning. Ny søknad vart sendt inn våren 2021. Her vart det sökt om stønad til 5 ulike område i Ulvik og det vart tildelt til saman 7,5 mill.

Dette skal ut på anbod via fylkeskommunen våren 2022.

I 2021 var det ved fleire høve nasjonale dataangrep. Både private og offentlege aktørar vart råka. På bakgrunn av dette vart Ulvik medlem av KommuneCsirt. Dette er eit nasjonalt senter for informasjonstryggleik i kommunesektoren. Dei oppdaterer oss på relevante truslar, overvakar system og hjelper oss om det vert eit angrep mot heradet sine datasystem.

2. Digitalisera arbeidsprosessar i Ulvik herad

1.november lanserte heradet nye heimesider og ny profil. Desse er arbeidd fram hjå leiargruppe og andre nøkkelpersonar i organisasjonen. Me har oppretta ei redaksjonsgruppe som representerer alle einingane. Redaksjonsgruppa skal møtast 2 gonger i halvåret der agenda vert revisjon og utvikling. Me jobbar kontinuerleg med å gjera heimesidene meir tilgjengelege slik at brukarane får løyst sine oppgåver digitalt 24/7.

Tenestetorget held opplæring/verkstadar i sakssystemet med sakshandsamarane ca. kvar 6.veke. I år har me og gått over til digitale verkstadar

3. Intern opplæring av tilsette i økonomi- og sakssystem

Me har innført og teke i bruk nytt budsjetteringsverktøy og rapporteringsverktøy (Budsjett- og økonomiplan, tertialrapportar og årsmelding). Me må jobba meir med opplæring, tilpassing av rekneskapssystemet og uttak av rapportar. Det vil vera fokus i 2022.

4. Rullering og vedtak av planverk

Det er framleis stort fokus på å henta inn etterslep på planar, reglement og retningsliner innan stabsområdet. På bakgrunn av pågåande pandemi i 2020 og 2021 og mykje ressursbruk på dette, har me ikkje klart å ferdigstilla (revidera og utarbeida) alt av planlagt planarbeid, men me har likevel fått gjort mykje. Dette arbeidet held fram i 2022, med mål om å vera ajour i løpet av året.

5. HMT

Hovedboka for HMT-arbeidet er revidert og oppdatert. Me har hatt fagdagar for leiarar, mellomleiarar og verneombod. Me har hatt ein vellukka trimaksjon, me har hatt vernerundar og me har eit velfungerande samarbeid i AMU og med bedriftshelsetenesta. Me har teke i bruk digitalt avvikssystem og erfaringane så langt er gode. Det er aktive lokale arbeidsmiljøutval på alle einingar. Det har vore fleire møte relatert til pandemien og debriefing av tilsette i ulike einingar, dette har vore gjort i samarbeid med bedriftshelsetenesta.

6. Beredskap

Me har jobba operativt med beredskap 2 år i strekk. Dette har gjeve oss mykje god lærdom og gode erfaringar, men arbeidet med planverk og analyser på overordna nivå har vorte sett på vent. Me håpar at 2022 vil gje oss opning for å koma ajour med analyser og planar innan beredskap. Situasjonen har medført omfattande samarbeid med Statsforvaltaren og nabokommunar, noko som vert opplevd som positivt. Me hadde ei markering på Brakanes hotell for alle tilsette og innleidige ressursar som hadde stått på under koronautbrotet i februar-mars.

7. Kultur

Det har vore redusert aktivitet for kinoen også i 2021. Under pandemiutbrotet i bygda, vart det ikkje synt film mellom 24.januar og 21.mars. Vanlegvis syner me 2 filmar kvar søndag, men grunna hygienetiltak har dette gjennom heile året vore redusert til 1 filmframsyning. I 2021 hadde me litt over 600 besøk på ordinære visningar og 50 framsyningar, Gratis 17.mai-framsyning for born og

ungdom vart ikkje gjennomført då 17.mai komitéen ikkje ynskte det. Skulefilmframstykkingar vart heller ikkje gjennomført i 2021.

Desse filmane vart mest besøkt på Ulvik kino i 2021:

Trass i ein noko mørk start på 2021 gav hausten håp for besøket. Tre nötter til Askepott, No time to die og Nordsjøen viser det. Grunna koronasituasjonen vil det nok ta ei tid før kinobesøket er tilbake til normalen.

Garantitida for kinoutstyret (10 år) har gått ut, og vi har arbeidd med å få til ein utvida garanti. Den var ikkje på plass ved utgangen av året. Utstyret byrjar å bli «gamalt» og nærmar seg tid for utskifting.

Film	Besøk
Tre nötter til Askepott	118
No time to die	77
Nordsjøen	51
PAW Patrol	33
Fast & Furious 9	31

Kulturelle skulesekken

Frå fylket har vi fått tilskot på kr.17 000 i 2021, og midlane vart nytta til desse aktivitetane:

- Poesifestivalen – lesestund for 3. og 4.klasse, med forfattar Ruth Lillegraven. Ho las frå boka si, Klode-Klubben, som er ein spenningsserie for born.
- Skulekonsert med messinggruppa VIBE.
- 10.klasse har vore på glasblåsing i verkstaden til Silje Syse.

Kulturelle Spaserstokken

Frå fylket har vi fått tilskot på kr.38 887 i 2021. Me har ikkje greidd å gjennomføra så mange arrangement som me hadde tenkt, grunna korona. Det har vore vanskeleg å få arrangement inn i omsorgstunet. I juli hadde me konsert med Reidar Jonassen. Under Poesifestivalen hadde me poesikonsert i omsorgstunet med Annlaug Børshheim der Haugesenteret var arrangør. I desember hadde me «Kongs-Roser» på programmet, som var ei konsertframstykking med Magne Skjævesland. I tillegg hadde me tinga jolekonsert med Kjersti Wiik, men konserten vart avlyst grunna oppblomstring av korona. Midlar me ikkje har nytta er sett av på fond, til seinare bruk.

Kulturvernmidlar

Me fekk inn 2 søknader om kulturvernmidlar i 2021, men begge var ufullstendige og midlane vart difor ikkje nytta.

Kulturmidlar

Det var løvd kr 58 000 i tilskot til ålment kulturarbeid. 9 søknader kom inn. Dette er færre søknader enn tidlegare år, og kan forklaast med stillstand i aktiveten til laga. UIL har størst medlemsmasse og høg aktivitet, og dei fekk 20 000 av midlane. Elles er det mindre beløp som vart fordelt.

Idrett

Det har vore arbeidd med fullføring av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i

2021. Planen er slutført og vart godkjend av heradsstyret i november.

Nye prioriterte tiltak som det er søkt spelemedlar for i 2021, er aktivitetsløype/hinderløype på Brakanes skule. Prosjektet er fullført og første del av spelemedlane på kr 300 000 er utbetalt til heradet. Del 2 av prosjektet vil verta godkjend i 2022. Elles er alle spelemiddelsøknadane på Drevtjørn i regi av UIL no innvilga og utbetalt av fylket.

Dagsturhytte

Arbeidet med dagsturhytta "Solhaug", har krevd mykje tilrettelegging frå heradet.

4.desember vart hytta opna for innbyggjarane/besökjande. Det vart ei offisiell markering, med talar og snorklipping av ordførar Hans Petter Thorbjørnsen og fylkesvaraordførar Natalia Golis. I tillegg var det flotte musikalske innslag og mange møtte fram. Me håpar dette vert eit positivt tilbod, både for innbyggjarane og besökande. Me vonar mange vil besøkja hytta og at den vert godt teken vare på av alle.

Heradet vil ha det overordna ansvaret for dagsturhytta, medan Ulvik Turlag har teke på seg driftsansvaret.

Finse Forum

Ulvik herad har sekretariatsfunksjon for Finse Forum, der aktørar med ulike Finse-interesser møtast. Det har ikkje vore gjennomført møte i 2021.

Hardanger kulturråd

Hardanger kulturråd er eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane. Rådet har hatt 1 møte i 2021. Korona har ramma kulturlivet hardt. Kommunesamanslåing og ny kommunestruktur har medverka til få møter, og endring i korleis kommunane arbeider med kultur.

Ulvik folkebibliotek

Biblioteket sitt samfunnsoppdrag er å dekka behova til ulike brukargrupper i alle samfunnslag, og arbeider kontinuerleg med samlingsutvikling, aktiv formidling og tilrettelegging av kulturelle tiltak, jamfør Lov om folkebibliotek § 1.

Arrangement på biblioteket i 2021:

1. Besök frå barnehage: 1 - 11 deltagarar
2. Besök frå skule: 2 - 47 deltagarar
3. Forfattarbesök: 2 - 26 deltagarar
4. Anna arrangement: 1 - 57 deltagarar
5. Datahjelp for seniorar: 11 - 37 deltagarar

Utlåns- og besøksstatistikk:

Årstal	2018	2019	2020	2021
Samla Utlån	4474	3686	2903	3113
Samla besök:	2278	2374	1271	1328

Kommentar til statistikk:

Koronapandemien har prega drifta av biblioteket også i 2021, og ført til lågare besøkstal enn åra før pandemien. Trass i dette har det vore ein svak oppgang i besök og utlån, samanlikna med 2020. Me

har også fått gjennomført fleire arrangement. Det har vore 2 forfattarbesøk, syrisk kulturkveld og me starta opp med datahjelp for seniorar på hausten.

Hardangerbibliotek-samarbeidet

Det har ikkje vore aktivitet i regi av biblioteksamarbeidet i 2020.

Digitale tenester

Biblioteket tilbyr gratis e-lån på applikasjonen bookbites. Biblioteket har også stilt katalogen tilgjengeleg for fjernlån på det nasjonale websøket, www.biblioteksøk.no. Fjernlån vert mykje nytta. Me har motteke 156 bøker frå andre bibliotek, og har sjølv sendt ut 131 bøker.

Næring, reiseliv og bukommune

Koronasituasjonen skapte store utfordringar for reiselivet i heradet, også i 2021, og det er handsama 59 søknader på midlar frå næringsfondet og statleg kompensasjonsordning. Til saman er det delt ut kr 2 881 000 i kompensasjonsmidlar og 2 003 000 frå ekstra næringsfond som vart tildelt frå staten i desember 2020. Det kom inn 13 søknader til det kommunale næringsfondet i 2021. Den årlege potten på kr. 600 000 vart fordelt på alle dei 13 søkerane.

Heradet overtok turistkontoret i januar, og etter noko oppussing og reorganisering opna me 29. april. Kontoret var ope 7 dagar i veka frå 15. mai til 1. september, i tillegg til langhelger i mai og september. Det vart tilsett to ungdomar med lokal tilknyting, i tillegg til fast ressurs på 40% - stilling. Dette var noko knapt, og må aukast neste sesong.

I april gjennomførte me vertskapskurs med støtte frå Innovasjon Noreg og i samarbeid med Destinasjon Eidfjord. Grunna smittevernrestriksjonar vart den generelle delen gjennomført digitalt. Den lokale dagen vart gjennomført i mai med fysisk oppmøte og rundtur i bygda.

Det vart laga ny nettside til visitulvik.no i samarbeid med Visit Hardangerfjord. Hunnaland media AS produserte 3 sommaraktivitetsfilmar og ei rekke foto som vart nytta i marknadsføringa, og Visit Hardangerfjord har hatt fleire fotografar som har laga film og foto frå mellom anna frukt- og siderruta. Sommarsesongen var god for dei fleste reiselivsverksemndene, med mykje norske gjester, men sesongen var alt for kort. Mange av verksemndene valde å stengja ned tidlegare enn før.

Den gode kontakten med Næringshagane i Hardanger og Voss har vore vidareført i heile 2021, med faste kontordagar i Ulvik når det har vore tillate innanfor smittevernreglane. Dei har hatt god oppfølging av nye og etablerte verksemder lokalt. 2. september vart det gjennomført ei samling på Brakanes hotel for lokale bedrifter og gründerar i heile regionen. Ei svært vellukka samling med høg deltaking og fleire nye samarbeidsprosjekt og -partnerar.

Arbeidet med temaplanen «Plan for turruter i Ulvik» har pågått gjennom heile året, og ferdig planutkast vert lagt fram for politisk handsaming på nyåret. Planen vil vera rettleiande for prioritering av etablering og vedlikehald av turruter i åra som kjem.

Nærings- og reiselivssjef har vore involvert i fleire større næringsprosjekt, som Bruravik utvikling og Holmen kulturpark. Leigeavtalen med Holmen kulturpark vart vedteken i heradsstyret i juni, med administrativ oppfølging fram mot signering og overtaking av eigedomen i januar 2022. Nærings- og reiselivssjef har representert Ulvik i Team Hardanger og i fellesmøte med Vestland fylkeskommune i arbeidet med ny regional utviklingsplan.

Etter søknad fekk heradet i juni kr 200 000 i støtte frå fylkeskommunen til eit prosjekt for sentrumsutvikling. Det er ein del av eit fellesprosjekt med folkehelse, som skal gå fram til våren

2023. Oppstartsmøte vart gjennomført i oktober.

Arbeidet med reiselivsstrategi starta opp med anbodsprosess og oppdraget som prosjektleiari vart tildelt Mimir AS i november. Strategiplanen skal leggjast fram for politisk handsaming i juni 2022.

Cittaslowrådet har hatt 5 møte, og har jobba med mellom anna sertifisering av fleire verksemder, tiltak for trivnad i sentrum, arrangement som "Haustopplevelingar" (erstattat Oktobertorg) og adventhelg.

2.2.2.4 Tenesteproduksjonen i året som gjekk

Val:

Stortings- og sametingsvalet 2021.

Det var ekstra spanande å jobba med valet i år, med koronaen som bakteppe. Ulvik låg på noregstoppen for førehandsrøysting med 64,04% røyster. Ved Stortingsvalet røysta totalt 82,7% av heradet sine røysteføre. Det er 773 røysteføre personar i manntalet.

Både røystestyret og valmedarbeidarar frå administrasjonen gjorde ein omfattande innsats med mottak av røyster og anna valarbeid. Tilsette ved omsorgstunet har stått parat dersom det skulle vera behov for bistand til veljarar i karantene eller isolasjon. Dette har ikkje vore nytta.

Tenestetorget har halde ope til kl 15:30 i perioden med førehandsrøysting, mot normalt kl 14:00. Me har òg hatt langope to onsdagar og ein laurdag. I tillegg tok me også dette året med oss valurna på toget til Finse, der 14 personar nytta høvet til å røysta.

Politisk rekneskap:

- Gjennomføring av stortingsvalet
- Økonomiplanseminar og heradsstyremøte på Finse i september

Politisk organ	Tal politiske møte i 2021
Formannskap	10
Heradsstyret	8

Tenestetorg:

Tenestetorget har hatt 1 person i arbeidspraksis gjennom NAV og har hatt god erfaring med dette.

Arkiv:

Tenestetorget henta arkivmateriale frå barnehagen hausten 2021. Materialet går heilt tilbake til 70-talet. Dette har me organisert og sett i hyller. Materialet utgjer ca 6 hyllemeter etter rydding.

Innsynssaker

Fellestenester har registrert 42 innsynsførespurnadar.

2.2.3 Internkontroll og tilsyn

Sjå innleitande punkt 1.4.1 om internkontroll for detaljar om stab sin internkontroll.

3 Barnehage (220)

3.1 Drift og økonomi

3.1.1 Innleiing

Underliggjande tenester:

Ulvik barnehage

Spesialpedagogiske tenester i barnehage.

Hausten 2021 vart det i heradsstyret innvilga 20% fast spesialpedagogstilling i Ulvik barnehage. Dette er ei etterspurt teneste i barnehagar frå utdanningsdirektoratet. Me har allereie denne ressursen i barnehagen og det er gjennomført spes.ped 20%. Det er viktig med førebyggjande tiltak i barnehagen. Det kan på sikt vera ressursbesparande.

Barnehagen vert rekna som fyrste steg i utdanningslaupet.

Barnehagen har også eit tett samarbeid med logoped.

Særskilt om barnehagen:



01.01.2021 kom ei ny lov om psykososialt barnehagemiljø.

§41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid - mellom anna skal barnehagen ikkje godta krenkingar som for eksempel utesetjing, mobbing, vold, diskriminering og trakkassering. Barnehagen pliktar å gripa inn i slike forhold.

§42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt). - mellom anna har alle tilsette i barnehagen plikt til å fylgja med på korleis borna har det. Den einskilde medarbeidar har plikt til å vera årvakan og aktivt observera korleis borna agerar kvar for seg og i gruppe.

§43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen krenker et barn. - mellom anna skal dei som arbeider i barnehagen melde frå til styrar ved einkvar mistanke om eller kjennskap til at ein medarbeidar i barnehagen utsett barn for mellom anna krenkingar.

Ulvik barnehage har utfordringar med utagerande barn, dette gjeld både utagering mellom barn-barn og barn som utagerar mot personalet. Utfordringane her er i alle avdelingane.

§ 41, 42 og 43 krev ressursar. Når det er mykje fråver i forhold til sjukdom og ferie for personalet, vert det vanskeleg å fylgja opp desse tre paragrafane då det kan vere vanskeleg å skaffe vikarar. Etablerte vikarar har lettare for å sjå heilskapen i barnehagen. Nye vikarar ser ikkje dette like godt.

01.01.2021 - 14.08.2021 oppfylte Ulvik barnehage pedagognormen og bemanningsnormen.

Etter utlysning etter barnehagelærar gjeldande frå 15.08.2021, var det ingen søkjarar til stillinga. Ein fagarbeidar vart konstituert barnehagelærar 100% frå 15.08.2021 - 14.08.2022. Bemanningsnormen er oppfylt.

Vårt mål i Ulvik barnehage er å arbeida for ei god utvikling og ein god kvardag for alle barn og alle tilsette. Me arbeider for at barndomen har eigenverdi i seg sjølv og at kompetanse, kunnskap og kvalitet skal vera gjennomgåande i alle delar av barnehagekvardagen. Me arbeidat for ein fleksibel organisasjon som kan finne løysingar på utfordringar, ha ei positiv haldning, ha det einskilde barn og barnegruppa i fokus, ha respekt for den einskilde og at alle må bidra positivt inn i organisasjonen. Me skal vera ein lærande organisasjon.

Me er alle like mykje verd.

Me har utfordringar med arbeidsmiljøet og bedriftshelsetenesta har vore inne i arbeidet knytt til arbeidsmiljø. Arbeidet vil fortsetja vidare i 2022.

Ulvik barnehage gjekk frå tre veker feriestengd barnehage til to veker feriestengd barnehage. Me ser at det er utfordrande at personalet har mykje ferie som skal takast ut utanom sommerferien. Ferieavvikling saman med sjukefråver har skapt problem. Personalmangel grunna sjukefråver i 2021 førte til at fleire måtte overføra ferie til 2022. Dette er svært ugunstig fordi ein då berre flyttar problemet vidare til neste år.

Løysinga er å ha fire veker stengd i juli månad, dei same vekene som SFO. Då må personalet ta ut fire veker ferie og dei aller fleste har då berre den femte ferieveka att. Med omlag 16 tilsette vert det 16 veker det må skaffast vikar for og det er betre enn om personalet sit att med dobbelt så mange ferieveker. Her kan barnehagen spara mykje på vikarbruken og borna får ikkje så mange vikarar å forhalda seg til.

Barnehagen arbeider med inkluderande barnehagemiljø. Dette er i samarbeid med Høgskulen Innlandet. Det har vore heilt naudsynt å nytta personalmøta til dette arbeidet, men me har óg hatt stort behov for å arbeida med det psykososiale miljøet i personalgruppa. Me har hatt bedriftshelsetenesta inne for å bistå i dette arbeidet.

Inkluderande barnehagemiljø er direkte knytt til den nye lova om Psykososialt arbeid i barnehagen § 41, 42 og 43.

Me har ein pedagogisk leiar som er inne i nest siste året av ein mastergrad i organisasjon og leiing. Ho skal leve masteroppgåva si våren 2022.

Hausten 2021 var styrar ekstern rettleiar i Bulken barnehage i Voss. Dette er i regi av Hardanger/Voss kompetanseregion. Ei slik rettleiing går over ei veke.



3.1.2 Status på drift og måloppnåing på ansvarseininger

3.1.2.1 Økonomi

Driftsrapport 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
220 Barnehage						
Inntekt	-2 644 000	-1 817 000	-1 917 000	-727 000	-2 627 000	-1 869 000
Utgift	11 454 000	10 565 000	11 172 000	282 000	12 288 000	12 639 000
Netto	8 810 000	8 748 000	9 255 000	-445 000	9 661 000	10 769 000

Barnehagen hadde større inntekter enn oppsett i budsjettet. Det er i hovudsak inntekter fra sjukelønsrefusjon. Barnehagen hadde også mindre utgifter på løn, og dermed lågare utgifter til arbeidsgjevaravgift og pensjon. Pensjonspremien var lågare enn rekna med i utgangspunktet.

Grunna Covid-19 vart barnehagen heilt stengd i to veker. Ved gjenopning vart det på raudt nivå og måtte nytte andre lokale i tillegg til barnehagen. To grupper med barn og personale nytta difor ungdomshuset som barnehage i omlag to veker.

Då barnehagen vart stengd var det ein av personalet som bidrog på omsorgstunet i 4 dagar pga. personalmangel der.

Då det vart gult nivå var alle avdelingane tilbake i barnehagen, men uteområdet vart delt inn i fire slik at kvar avdeling kunne nytte avgrensa uteområde. Grunna gult nivå vart det vanskeleg å få samarbeidd på tvers då berre to og to avdelingar kunne samarbeida. Dette gav auke i vikarbehovet.

01.05.2021-24.08.21 opna ein femte avdeling, grunna nye barn i barnehagen. Det vart ei omrokkering i barnegruppene for å frigjera plass til nye småbarn.

Heilt i slutten av desember fekk barnehagen kjøpt fagbøker til personalet. Dette var i samarbeid med skulen, over deira budsjett.

Styrar og ein pedagogisk leiar fekk våren 2021 kurs i metodikken COS. Budsjettet via skulen.

Løyvingsoversikt B investering 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
220 Barnehage						
2 104 IT maskinværer						



Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Utgift IT maskinværer	0	0	0	0	0	135 000
Netto IT maskinværer	0	0	0	0	0	135 000
4 430 Inventar barnehage 2019						
Utgift Inventar barnehage 2019	0	635 000	635 000	-635 000	0	0
Netto Inventar barnehage 2019	0	635 000	635 000	-635 000	0	0
4 450 Inventar barnehage 2020						
Utgift Inventar barnehage 2020	0	0	0	0	0	300 000
Netto Inventar barnehage 2020	0	0	0	0	0	300 000
Utgift	0	635 000	635 000	-635 000	0	435 000
Netto	0	635 000	635 000	-635 000	0	435 000

Hausten 2021 flytta avdeling Askeladen til avdeling Gråtass. Dette fordi avdeling Askeladden skulle renoverast med større grovgarderobe og nytt golvbelegg i hovudrommet. Arbeidet vart ikkje ferdigstilt pr 31.12.2021, men fortset i 2022.

3.1.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
220	16	14,55	2

Det er to 1-3 årsavdelingar og ein 3-4 årsavdeling og ein femårsavdeling

Eit kalenderår omfattar to halve "barnehageår".

frå 01.01.2021 - 30.04.2021 hadde barnehagen fire avdelingar i drift. to 1-3 års avdelingar, ein 5 årsavdeling og ein 3-4 års avdeling. Frå 01.05.2021-14.08.2021 var det fem avdelingar i drift. dette skuldast fleire nye born frå 01.05.21.

Me hadde 1 årsverk knytt til barn med særlege behov.

Dette vart avslutta 14.08.2021, barnet gjekk då over i skule

Frå 15.08.2021 vart tal avdelingar i barnehagen fire. Det var to småbarnsavdelingar, ein 3-5 års avdeling og ein 5 års avdeling.

Det var 48 barn i barnehagen. 37 barn 3-5 år og 11 barn 1-2 år.

Minoritetsspråklege barn er totalt 14. Mellom 1-2 år er det eit minoritetsspråklege barn og mellom 3-5 år er det 13 minoritetsspråklege barn

Leike og oppholdsarealet per barn er 7,67 kvadratmeter

Totalt ansatte var 16. Tal styrar ein og tal pedagogiske leiarar fem, og frå 15.08.2021 fire pedagogiske leiarar.

Frå 15.08.2021 har vi hatt 20 % spesialpedagogisk arbeid i barnehagen. Vi har ein pedagog med denne kompetansen i barnehagen og det vart sett inn vikar for ho i spes.ped tida. Men pga av at denne pedagogen tok ansvar for to avdelingar i oktober og november, vart det ikkje gjennomført spes. ped desse mnd. I tillegg vart det også reduksjon i spes. ped tenesta denne hausten grunna personalmangel.

3.1.2.3 Oppfølgning av mål satt i økonomiplan

Det har vore eit konstant behov for ei styrka bemanning gjennom 2021. Dette grunna raudt nivå i barnehagen, opning av ei femte avdeling, høgt sjukefråvær og ferieavvikling i personalgruppa.

Det har i periodar vore eit auka behov for overtids-/kveldsarbeid for pedagogane.

Planleggingstid med fire timer per veke for pedagogisk personale har vist seg å ikkje vera nok. Dette grunna statlege krav, forventingar frå føresette, individuelle utviklingsplanar for dei einskilde borna, krav frå styrar og arbeid med det psykososiale arbeidsmiljøet, rapportskriving, førebuing av og oppfylgjingsarbeid etter avdelings- og personalmøte og møte med eksterne samarbeidspartar som PPT og logoped, samt rettleiing og oppfylgjing av borna og personalet i avdelingane.

Ein auke i pedagogisk plantid opp til 7,5 timer per veke bør utgreiaast i 2022. Me må og sjå korleis andre kommunar vurderer dette.

3.1.2.4 Tenesteproduksjonen i året som gjekk

Barnehagen omfattar Barnehage 2010 og Spesialpedagogisk tilbod 2110

Sjukefråværet har vore høgt i 2021. Dette gjeld både langtidsfråvær og korttidsfråvær.

Styrar har vore mykje inne i avdelingane for å avhjelpe situasjonen og fleire i personalgruppa bidrog til å få kvarдagen til å gå opp. Dette utløyste mykje overtid. Det har og vore utfordringar med å få personal til å arbeida på fleire avdelingar, men me klarte å løysa utfordringane uten stor omrokkering av personalet.

Grunna det høge sjukefråværet hausten 2021, måtte styrar prioritera barnehagedrift over økonomiplanseminaret på Finse.

Det vert arbeidd med oppfylgjing av sjukemelde både individuelt og i personalgruppa. Bedriftshelse1 har vore involvert i arbeidet og vil vera involvert i det psykososiale arbeidet i barnehagen vidare i 2022.

3.1.3 Internkontroll og tilsyn

Hausten 2021 hadde barnehagen brannverntilsyn. Det var ingen avvik

4 Undervisning (230)

4.1 Drift og økonomi

4.1.1 Status på drift og måloppnåing på ansvarseiningar

4.1.1.1 Økonomi

Driftsrapport 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
230 Undervisin g						
Inntekt	-5 849 000	-1 688 000	-1 688 000	-4 161 000	-4 114 000	-2 221 000
Utgift	27 914 000	25 852 000	26 020 000	1 894 000	23 986 000	22 631 000
Netto	22 065 000	24 164 000	24 332 000	-2 267 000	19 872 000	20 410 000

Undervisningseininga har gått med eit mindreforbruk i 2021. Det er fleire årsaker til dette. Lønsoppgjeren vart mykje lågare enn estimert. Pensjonsutgiftene vart også lågare enn det som var budsjettert.

Me har hatt mange langtidssjukemeldingar i 2021. Det har ikkje vore lett å erstatta dei sjukemelde, i alle fall ikkje med kvalifisert personell. Fleire ufaglærte har gått inn som vikarar. I leiinga har det vore eit årsverk for lite store deler av året.

Tilskota frå Statsforvaltaren har vore større enn budsjettet.

Løn:

Mindreforbruk knytt til vakante stillingar. Meirforbruk på vikarløn er utlikna av meirinntekter frå sjukepengar

Kjøp av varar og tenester til eigenproduksjon:

Meirforbruk gjeld lærebøker og inventar/utstyr som var budsjettert som investering men som ikkje oppfylte krava til investering.

Kjøp av varar og tenester som erstattar eigenproduksjon:

Meirforbruk gjeld PP-kostnadane ført på feil teneste, Inn-på-tunet og kostnadane til skulen si deltaking i Oppfølgingsordninga.

Refusjonar:

Meirinntekter gjeld tilskot og sjukepengar

Overføringer:

Meirinntekter gjeld tilskot til aktivitetsløypa

Finansutgifter:

Meirforbruk gjeld overføring til investeringsrekneskapen (tilskot til aktivitetsløypa) og avsetjing av tilskot på fond.

Finansinntekter:

Mindreforbruk gjeld bruk av bundne fond

2021:

Mindreforbruk gjeld feilført kostnad for PP-tenesta på teneste 2020.

2130:

Meirforbruk knytt til fleire brukarar av vaksenopplæring enn budsjettet

2131:

Mindreforbruk skuldast tilskot.

2150:

Løn:

Løn og vikarbruk høgare enn budsjettet

Kjøp av varer og tenester til eigenproduksjon:

Mindreforbruk grunna mangel på kursing i 2021.

Salsinntekter:

Meirforbruk grunna lågare aktivitet på SFO.

2221:

Kjøp av varer og tenester til eigenproduksjon:

Mindreforbruk knytt til skyssutgifter – pga av at planlagte ekskursjonar og utflukter ikkje vart gjennomførde pga covid-19.

2310:

Meirforbruk grunna høgare løn til ungdomsarbeidar enn budsjettet.

3830:

Mindreforbruk knytt til løn – skuldast vakanse dirigent

Løyvingsoversikt B investering 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
230 Undervisning						
2 104 IT maskinværar						

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Utgift IT maskinværer	0	0	0	0	0	100 000
Netto IT maskinværer	0	0	0	0	0	100 000
2 105	IKT skule					
Utgift IKT skule	281 000	2 350 000	300 000	-19 000	877 000	730 000
Netto IKT skule	281 000	2 350 000	300 000	-19 000	877 000	730 000
3 014	Lærermiddel undervisning 2021					
Utgift Lærermiddel undervisning 2021	0	0	700 000	-700 000	0	0
Netto Lærermiddel undervisning 2021	0	0	700 000	-700 000	0	0
3 015	Inventar undervisning 2021					
Utgift Inventar undervisning 2021	0	0	800 000	-800 000	0	0
Netto Inventar undervisning 2021	0	0	800 000	-800 000	0	0
4 444	Kommunale bygg 2020					
Utgift Kommunale bygg 2020	0	-250 000	0	0	0	250 000
Netto Kommunale bygg 2020	0	-250 000	0	0	0	250 000
4 447	Uteområde undervisning					
Inntekt Uteområde undervisning	0	0	0	0	-903 000	0
Utgift Uteområde undervisning	0	0	0	0	1 577 000	400 000

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Netto Uteområde undervisning	0	0	0	0	674 000	400 000
4 448 Lærermiddel skule 2020						
Utgift Lærermiddel skule 2020	0	0	0	0	49 000	350 000
Netto Lærermiddel skule 2020	0	0	0	0	49 000	350 000
4 451 Inventar undervisning 2020						
Utgift Inventar undervisning 2020	0	0	0	0	0	400 000
Netto Inventar undervisning 2020	0	0	0	0	0	400 000
4 475 Aktivitetsløype Brakanes skule						
Inntekt Aktivitetsløype Brakanes skule	-450 000	0	0	-450 000	0	0
Utgift Aktivitetsløype Brakanes skule	1 263 000	0	300 000	963 000	0	0
Netto Aktivitetsløype Brakanes skule	813 000	0	300 000	513 000	0	0
Inntekt	-450 000	0	0	-450 000	-903 000	0
Utgift	1 544 000	2 100 000	2 100 000	-556 000	2 503 000	2 230 000
Netto	1 094 000	2 100 000	2 100 000	-1 006 000	1 600 000	2 230 000

	2021	2022	2023	2024
Inventar	300 000	300 000	200 000	
IKT	730 000	300 000	300 000	300 000
Uteområdet	400 000(ballbingen)	300 000	300 000	
Nye lærermiddel i tråd med nye fagplanar frå 2020		200 000	200 000	

Inventar: Me har starta arbeidet med å oppgradera inventaret i klasseromma og fellesareala på skulen. Til dette har eininga ei årleg løyvning i investeringsbudsjettet fram til 2023. Me har oppgradert naturfagsalen, med nye pultar og bord. Nokre klassar har fått nye stolar. Me har også starta prosessen med å byta ut alle opne hyller med skåp, i tråd med tiltak innan miljøretta helsevern.

IKT er eit viktig satsingsområde, både nasjonalt – i dei nye læreplanane, men og lokalt. Me har også i 2021 skifta ut eit smartboard med interaktive tavle. Nytt lydanlegg til to klasserom var det også behov for å investera i. Me har også kjøpt inn nye elev PC-ar til dei nye 8. klassingane og nokre nye på mellomtrinnet. Me hadde også behov for nye ladeskåp, det er kjøpt tre nye slike. Dei nye 1. klassingane har fått nye iPad-ar. Mange av dei tilsette har fått nye PC-ar. Me har også investert i ny skrivar til lærarane. Me har nytte heile summen som vart sett av til føremålet i 2021.

Prioriteringar i 2022:

- Ladeskåp til 6.klasse
- Lydanlegg i alle klassar (Det er 2 klasserom som har gammalt skåp)
- Nokre switchar skal skiftast ut.
- Nytt klasesett med PC-ar til 8.kl
- Suppleringar av PC til nokre elevar i enkeltklassar
- To nye lærar PCar.

Uteområdet: Det har vore arbeidd med plan for uteområdet, i prosess med dei tilsette, elevar og foreldre, samt kultur – og idrettsavdelinga på fylket. Første trinn i denne planen var å skifta ut ballbingen. Spelemidlar vart løyvd, og i kombinasjon med eigne kommunale midlar kunne me opna ein større og flunka ny ballbinge i april 2020. Neste steg, som var ei variert aktivitetsløype, har me fått 600 000 i spelemidlar til, samt 150 000 hjå Sparebankstiftinga. Dette førte til at me kunne fullfinansiera aktivitetsløypa og få den på plass våren 2021.

Læreverk: Frå hausten 2020 kom det nye læreplanar i alle fag. Skulen vil i den samanheng måtta byta ut læreverka sine. Dette er me i prosess med. Det er sett av kr 200 000 i to år, for å koma i mål med dette. Sidan forlaga ikkje er ferdige med verka enno, har me måtta skyva på investeringa.

4.1.1.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
230-2020	24,66		
230-2150	2,15		
230-2310	0,40		
230-3830	1,61		
230-2131			

Brakanes skule starta i januar 2021 med fulldeling (10-deling).

Elevtalet første halvdel i 2021 var på 115 elevar. Frå hausten 2021 gjekk elevtalet opp til 124 elevar. Frå hausten 2022 vil elevtalet igjen auka til 130 elevar.

Brakanes skule femner om: Grunnskuleopplæring (2020), Skulefritidsordning (2150), Kulturskulen (3830), Aktivitetstilbod for born og unge (2310), Vaksenopplæring (2131).

Me leverer også tenester innanfor PPT/spesialundervisning (2021) og Skuleskyss (2221).

Brakanes skule har i 2021 hatt 17,1 pedagogiske årsverk. I tillegg har me innan for tenesteområdet 2021 (grunnskuleopplæring) 3,2 assistentårsverk, IKT-medarbeidar i 0,4 årsverk, sekretær i 0,375 årsverk og fagarbeidar i 1 årsverk, med refusjon frå Nav i 0,66 årsverk. Leiarressursen er framleis på 1,6 årsverk (rektor og ass rektor)

Kulturskulen har i 2021 hatt 1,61 årsverk fordelt på 8 lærarar. Hausten 2021 hadde me 54 sokjarar som nyttja 78 elevplassar. Me har tilbod innan biletkunst, dans, drama, lyd/lys, nöringen, gitar, elbass, band, slagverk, song, piano, blåseinstrument og korps. Drama kom ikkje i gang grunna få sokjarar, men startar opp att neste skuleår.

SFO har me drifta med 2,15 årsverk. Dette er inkludert konsulent i 1,0 årsverk. SFO har hatt opningstid mellom kl. 07.30 til 08.30 og mellom kl 14.10 til 16.30 frå mandagar til og med torsdagar og mellom kl 11.10 til 16.30 på fredagar. Dessverre gjorde pandemien det naudsynt å halda SFO stengt store deler av året.

Dette skuleåret var det ved skulestart påmeldt 40 born til SFO. Av desse var 22 born på heil plass, 7 born på redusert plass og 11 born på fredagstilbod. Bemanningsa har vore 12 born per vaksen. I tillegg har det vore ekstra bemanning for born med særskilte behov.

I 2021 er det Svanhild Hide som har vore fagansvarleg på SFO.

4.1.1.3 Oppfølgning av mål satt i økonomiplan

GRUNNSKULEN:

Mål 1: Eit godt læringsmiljø har vore hovudsatsingsområdet i 3 semester. Heile lærarstaben har gjennomført eit digitalt kursopplegg i regi av Høgskulen i Innlandet. Målet har vore å vidareutvikla kollegiet sin kompetanse rundt eit godt læringsmiljø, med fråvær av mobbing og krenkingar.

Status: Me har jobba med godt med klasseleiing/læringsleiing i alle klassar. Det er ofte to vaksne med i timane på småsteget. Skuledagen er organisert slik at det er lite rom for å gå på sjølvstyr. Økta med fysisk aktivitet er lærarstyrt. Vaktplanen legg opp til stor lærartettleik i alle friminutt. I klassar/elevgrupper der det er naudsynt, har me observasjonsvakter, som noterer avvikande samspel mellom elevar. Brakanes skule er ein trivselsleiarskule, men desse aktivitetane har ikkje hatt så gode kår i korona-tid.

I somme klassar/grupper har me fått støtte av PPT til arbeid med klassemiljø. Dei har vore inne som rettleiarar på systemnivå. Me har jobba med tre §9a-saker i 2021. Som ein viktig del av arbeidet med å skapa eit godt læringsmiljø, har me hatt auka fokus på det fysiske læringsmiljøet til elevane, orden og trivnad. På uteområdet har me fått ny ballbinge og aktivitetsløype. Klasseromma er i ferd med å verta oppgraderte med nytt inventar. Black-box er ferdigstilt, noko som legg til rette for gode fellesaktivitetar og opplevingar på alle trinn.

Mål 2: Å skapa tilpassa og god læring som fører til betre læringsresultat, noko som vil visa att på nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og avsluttande grunnskulepoeng.

Status: Brakanes skule kom med i oppfølgingsordninga til UDIR frå hausten 2020. Dette varer i 3 år framover, og vil hjelpe skulen til å driva analysearbeid og setja inn gode og relevante tiltak for å

auka læringsresultata. Som ein viktig del av dette arbeidet, skal skulen innföra det dynamiske observasjons- og kartleggingsverktyet Leselos. Me har også fleire tilsette med i kompetanseheving (kompetanse for kvalitet) innanfor ulike spesialpedagogiske felt, m.a. master i logopedi og spes ped for barne- og ungdomstrinnet. Brakanes skule får økonomisk støtte til dette arbeidet.

Mål 3: I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik melda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemming, forståeleg og støttande vurdering for læring

Status: Dei fleste elevane på Brakanes skule melder om at det trivst godt på skulen og i klassen sin. Dei fleste seier at dei har nokon å vera ilag med i friminutta. Samstundes er nokre som melder om at dei vert mobba. Dette skjer i klasserommet og ute i friminutta. Når det gjeld digital mobbing, er det lite av dette i Ulvik. Elevane meiner at dei vaksne på skulen har forventningar om at elevane skal vera greie med kvarandre og reagerer dersom dei ikkje er det. Elevane melder også om at skulen agerer når dei oppdagar mobbing, men at det ikkje er alltid det hjelper.

Det kjem fram i undersøkinga at foreldre er interesserte i kva elevane gjer på skulen. Heimen gjev hjelp og støtte til lekser/skulearbeid. Mange foreldre har forventningar om at elevane gjer så godt dei kan på skulen. Fleire elevar seier at tilsette hjelper, støtter og bryr seg om elevane.

Motivasjonen til elevane er litt for låg. Det er ein del som melder at dei ikkje gleder seg til å gå på skulen. Dei seier m.a. at dei ikkje liker skulearbeidet så godt. Det varierer ein del i dei ulike klassane kor viktig elevane synest skulearbeid er. Elevane trur ikkje at dei får bruk for mykje av det dei lærar på skulen seinare i livet, eller i ein framtidig jobb.

Når det gjeld læring, får skulen tilbakemelding på at elevane ynskjer meir praktiske arbeidsmåtar. Elevane ynskjer oftare tilbakemeldingar på skulearbeid som dei kan bruke til å forbetra seg i faga. Dei ynskjer også å få vera meir med å vurdera skulearbeidet sjølv, og koma med forslag til kva som skal vektleggjast i vurderinga.

Det fysiske læringsmiljøet er ikkje elevane så godt nøgde med. Dette gjeld skulebygget, uteområdet og temperaturen i klasseromma.

SFO:

Mål 1: SFO skal gje eit tilpassa og variert tilbod med leik og aktivitetar både inne og ute.

Status: I haust og vinter har borna fått velja aktivitetar sjølv om ettermiddagane. Hallen har vore mykje brukt. Elles har teikning, måling, fargelegging, klypping og liming vore populært. Geomag og klossar har vore mykje brukt. I vinter har me vore heldige og fått mykje snø. Aking, hulebygging og ski har vore kjekt for mange. Til jol henta me joletre, baka lussekattar og hadde bordaktivitetar der borna laga jolepynt og gåver. Elles har bålpanna vore ein del ute på fredagar med pinnebrød og pølser.

VAKSENOPPLÆRINGA:

Mål 1: Ulvik herad skal gje vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne minoritetsspråklege med rett og plikt til opplæring. Dette gjeld også retten vaksne – inkludert minoritetsspråklege – har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.

Status: Grunnskule for vaksne er ein rett den enkelte kan ha jf. følgjande vilkår:

1. Er over opplæringspliktig alder
2. Har ikkje rett til vidaregåande opplæring etter oppll. § 3-1
3. Har lovleg opphold i Noreg
4. Treng grunnskuleopplæring

Dei 3 første er absolutte krav, medan punkt 4 er ei skjønnsmessig vurdering.

Ulvik har i 2021 hatt grunnskule for vaksne til 5 kandidatar. Denne tenesta kjøper me av Voss herad. Det same med norsk og samfunnskunnskap. Her har me kjøpt to elevplassar i Voss herad.

KULTURSKULEN:

Mål 1: Å halda fram med å ha eit godt og variert tilbod i Kulturskulen

Status: Som alle andre vart kulturskulen prega av pandemien. UKM si lokalmönstring, *De unges festspilldag* er av dei årlege høgdepunkta som vart avlyst. I staden skipa me ei digital utgåva av UKM saman med gode grannar i Eidfjord kommune og Voss herad. Dette vart filma og redigert på profesjonelt vis av Voss lyd, og strøyma på Avisa Hordaland si nettside. Det vart heller ikkje korpsmusikk 17. mai, men mange av musikantane bidrog med å spela utandørs kvar for seg. Ellers har kulturskulen bidrige med innslag på Brakanes hotell.

Kulturskulen har endeleg fått eigne egna lokale i den gamle gymsalen på skulen. Den fungerer no som øvingslokale for korps, band, gitar, song, dans og drama når det kjem i gang att.

Elevtalet svingar naturleg frå år til år, noko som reflekterast i avvik mot budsjett. Pandemiåra har ført til lågare deltaking i kulturskulane i landet, men me trur det vil endra seg når samfunnet blir normalt att.

Mål 2: Målet til Ulvik kulturskule er å tenna gnisten i dei unge, og få opp interessa rundt kunstnarlege uttrykk.

Status: Me har godt driv på dei fleste felta innan kunstnarlege uttrykk. Dette skuleåret har me fått i gang dans att i kulturskulen, og det er eit populært tilbod.

Elevtalet har gått ned under pandemien. Her har me ien jobb å gjera med å få opp att elevtalet. Me har stor tru på at det vil gå seg til etter kvart som kvardagane blir som før.

AKTIVITETAR FOR BORN OG UNGE:

Mål 1: Gjennom stor grad av medverknad frå ungdommene sjølv, skal me skapa eit godt og variert tilbod til ungdommene i bygda. Dett gjeld både på ungdomsklubben og gjennom andre aktivitetar.

Status:

Ungdomsklubben Ameron har hatt ope onsdagar og fredagar, utanom i feriar. Frå ca 1. mai var ny ungdomsarbeidar på plass. Etter ein periode med løna vakt i klubben, på grunn av covid, prøvde ein på ny å organisere vakthald på dugnad. Onsdagar var kommunal ungdomsarbeidars vakt og fredagar var foreldra vakt. Denne ordninga vart vidareført etter sommarferien.

Det er kjøpt inn 2 nye datamaskiner til klubben, så no er det i alt 3 gode gaming-maskiner tilgjengeleg. Dette gjer at det vert råd å halde på litt lenger for dei som er interesserte i dette. Utstyret vart kjøpt inn av ordinær og ekstra-løyving frå «ungdom & fritid».

I starten av sommarferien vart det arrangert sommarskule for born og unge i Ulvik. Etter søknad til

udir på utlyste tilskotsmidlar, fekk heradet 106 000 til å bruka på dette tiltaket. Pengane vart nytta til å gjennomføra kjekke og lærerike aktivitetar for heile grunnskuletrinnet.

Det vart organisert tilsynsvakt ved Lions-club i samarbeid med ungdomsarbeidar i samband med 16 mai. Ungdomsarbeidar var og ute og hadde oppsyn under Hardanger SUS.

Mål 2: Å skapa eit aktivt og engasjert ungdomsråd, som bidreg til å påverka politiske avgjerder.

Status:

Ny ungdomsarbeidar tok over ved slutten av skuleåret. Ved oppstart nytt skuleår vart det etablert nytt råd, og ein har jobba med å få arbeidet med Ulvik Ungdomsråd inn i meir «ordna former», altså at ein driv dette arbeidet på same måte som andre kommunale utval. Ungdomsarbeidar har i samarbeid med representant for tenestetorget kome vel i hamn med dette, og det er no lagt eit godt grunnlag for vidare drift. Frå no skal nytt ungdomsråd konstituerast i januar. Dette er som følge av eit felles vedtak i Hardanger/Voss Ungdomsråd.

Ungdomsrådet har hatt 2 møte hausten 2021. I tillegg har representantar frå Ulvik Ungdomsråd møtt ved nokre høve i Hardanger/Voss Ungdomsråd.

4.1.1.4 Tenesteproduksjonen i året som gjekk

Brakanes skule hadde fylgjande prosjekt på gong ved starten på 2021:

DEKOMP, dvs. desentralisert kompetanseutvikling, i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, med fokus på digital kompetanseheving for 5.-10.klasse. Her har Brakanes skule og Høgskulen på Vestlandet fått 200 000 kr kvar til prosjektet, i tillegg til at begge partar måtte stilla med ein eigenandel på 60 000 kr. Prosjektet har vore sett på vent, men blir no sett i samanheng med at skulen er kome med i Oppfølgingsordninga til Udir.

Oppfølgingsordninga til Udir - Dette er ei ordning for kommunar som over tid ikkje oppnår tilfredsstillande resultat på sentrale område i opplæringa. Gjennom ordninga vert desse kommunane pålagd deltaking i statleg støtta rettleiing for ein periode på 3 år. Kommunane vert identifiserte ved bruk av eit indikatorsett. Indikatorar for sentrale område innan læringsmiljø og læringsutbytte dannar utgangspunkt for ei nedre grense for kvalitet. Innsatsperioden består av ein førstefase og ein gjennomføringsfase:

Førfasen		Gjennomføringsfasen			
Haust 20	Vår 21	Haust 21	Vår 22	Haust 22	Vår 23
- Analysearbeid- Definere tiltak og finne kompetansemiljø- Forankringsarbeid- Klargjere eigen organisasjon		- Igangsette og gjennomføre tiltak på skuleigar og einingsnivå- Evaluere tiltaka og planlegge videreføring av utviklingsarbeidet			

Brakanes skule er i gjennomføringsfasen. Me har gjennom analysearbeidet identifisert to ulike innsatsområde. Det eine området er lesing, og det andre området er arbeid med organisasjonskultur.

Trygg oppvekst i Ulvik - Dette er eit tverrfagleg prosjekt, som skule og barnehage har søkt BUFDIR om midlar til. Prosjektet vil verta avslutta i 2022. Midlane har gått med til å utdanna eigne COS (Circle of security) - rettleiarar. Det er to av dei tilsette i barnehagen som har gjennomført denne kompetansehevinga. Det har også vore gjennomført tverrfagleg foreldremøte for skule og barnehage. Noko av midlane har vore nytta til å kjøpa inn test-materiell som

fysioterapeuten og helsejukepleiar nyttar som kartleggingsmateriell.

ERASMUS + - Brakanes skule har søkt og fått 18.850 euro til utveksling av tilsette innan programmet mobilitet for tilsette. Det er søkt om at 10 tilsette får reisa, men planen er at 5 tilsette reiser om gongen. Tema for utvekslinga er mangfald og inkludering. Det er den lokale skulen i venskapsbyen Greve-in-Chianti (Italia) som er målet for utvekslinga. Planen er at Brakanes skule skal ta i mot tilsette frå Greve-in-Chianti innan same ordninga. Prosjektet er sett på vent til det er trygt å gjennomføra.

Mykje har handla om korona, også i 2021. Som eit resultat av både nasjonale og lokale smitteverntiltak, er mange planlagte tiltak og felles arrangement avlyste. Me har drive vekselvis på grønt og gult nivå i 2021. Rett før jul måtte med stenga delvis ned i 4 dagar av smittevernomsyn.

Brakanes skule har laga beredskapsplan, for raskt å kunna skifta mellom ulike nivå på smittevernet. Planane er utarbeidde i dialog med dei tilsette og dei tillitsvalte. Dei sentrale smittevernrettleiarane har vore til god hjelp i arbeidet.

Sjukefråværet har vore høgt i perioden. I grunnskulen har dette vore 8,12 %, medan det på SFO har vore 6,07%.

Personalet har mått omstilla seg mykje i løpet av kort tid. I tillegg kjem uvissa rundt smittesituasjonen. Leiinga har laga mange nye timeplanar, vaktplanar, klasseromsplanar og anna smittevern-logistikk. For personalet har det tidvis vore utfordrande å drifta heimeskule for eigne born, samtidig som ein skal førebu og gjennomføra god heimeundervisning for eigen klasse.

Skulebygget har små klasserom, der 1-meteren blir vanskeleg å halda. Feire klassar har difor mått byta klasserom. Gangane og garderobepllassane er små og trонge. Toalett-fasilitetane har også vore utfordrande. Romma som i utg pkt er tenkt til estetiske fag må brukast til klasserom, sidan dette er dei største romma me har.

Periodane med heimeundervisning har fungert godt. I Ulvik herad ligg alt til rette for å gjennomføra god heimeundervisning. 1.-4. klasse har eigne iPad-ar og 5.-10. kl. har eigne PC-ar. Me søkte Statsforvaltaren om midlar til utstyr for å driva god heimeundervisning, både i 2020 og i 2021. Me fekk 170 000 i 2020 og 78 000 i 2021, til innkjøp av diverse utstyr og kompetanseheving. Sidan midlane for 2020 kom på tampen av året, og vart alt nytta i 2021. Me har kjøpt inn øyrelokkar til alle tilsette og alle elevar samt nokre nye iPad-ar og PC-ar for desse midlane.

Me nyttar its-learning og Showbie som læringsplattformer, og me nyttar Teams til å ha undervisning i sanntid, og daglege møte med elevar/klassar/heimar. Me har også lukkast i å få på plass eit tilbod til dei elevane som til vanleg har vedtak om spesialundervisning og dei som treng forsterka tilpassa opplæring. Alle tilsette har vore i sving og har hatt meiningsfulle oppgåver med undervisning, samtale og leksehjelp med elevar. Heimane har følgt opp læringsarbeidet på ei god måte. Skulen har fått positive tilbakemeldingar frå heimane på måten heimeundervisninga har vore innretta.

At me har fått på plass IKT-medarbeidar i 40 % stilling, har vore ein viktig suksessfaktor for at det digitale har fungert så bra. Det bør også trekkest fram at kursinga som 1.-4. klasse, både elevar og personale hadde i 2019-2020 i regi av kompetansepartnar RIKT, var av stor verdi, også med tanke på nedstenginga av skulen. Det vart halde foreldreopplæring 11. mars i hallen, og 12. mars stengte skulen ned.

4.1.2 Internkontroll og tilsyn

Brakanes skule har ikkje hatt eksternt tilsyn i 2021.

HMS arbeid:

Brakanes skule gjennomførte vernerunde i mai 2021. Vernerunden i 2021 avdekk fleire manglar - nokre av desse er utbetra. Me gjennomfører ny vernerunde i mars 2022.

Brakanes skule har revidert og endra ein del planar, instruksar og rutinar med omsyn til HMS og brannvern. Kvar haust får dei tilsette opplæring i HLR av ein godkjent instruktør. Sist år fekk dei tilsette i tillegg opplæring i anna førstehjelp av same instruktør. Dette skal dei etter planen ha kvar tredje år. Dei som skal ha symjeundervisning får opplæring i livredning i vatn også.

Rutineskildring i høve røykutvikling og brann, branninstruksar: Me gjennomgår branninstruksen kvar haust, har opplæring på branntavlene og øving med Evac-stol. Dette vart gjort i august. Gjennom skuleåret skal me ha 2 brannøvingar, den eine varsla og den andre ikkje. Dette er gjennomført etter planen i 2021. Me har hatt branntilsyn våren 2020, der me fekk nokre avvik. Desse har skulen retta opp, men det manglar ei prioriteringsliste over tiltak som skal gjerast etter brannrapport 2011, revidert 2016 (teknisk). Me skal ha nyt tilsyn 17. mars 2022.

Felles avvikssystem i Ulvik herad der tilsette melder avvik på nett. Haust 2020, overgang til Compilo. Dette verktyet må heile personalet få opplæring i å bruk..

Rutiner og system for handsaming av personvernopplysningar GDPR. Skulen har utarbeidd eigen protokoll med oppsett av rutineoversikt i høve lagring og handsaming av personopplysningar. Dette er no lagt inn i Draftit.

Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, gjeldande for Ulvik herad 2018-2020. Det må setjast ned ei gruppe for å revidera denne planen.

Rutineskildring i høve mobbing og krenking. Handlingsplan for å skapa eit godt psykososialt skolemiljø. Denne planen er under revidering.

Plan for tryggleik og beredskap på Brakanes skule 2020 – 2021 - med tiltakskort (under arbeid)

Plan for alvorlege ulukker på Brakanes skule.

Plan for urovekkande fråvær på Brakanes skule.

Rutinebeskildring for dagleg reinhald og periodisk reinhald.

Rutineskildring for ulike nivå for drift av skulen i høve Covid 19. Rettleiar om smittevern under Covid-19 utbrotet 2020 og 2021.

Brakanes skule er ikkje godkjent i høve Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Søknad vil verta sendt inn på nyt når alle planlagte tiltak er gjennomførte.

5 Helse

5.1 Drift og økonomi

5.1.1 Innleiing

Eininga har ansvaret for helse- og omsorgstenester i heradet. Ansvarsområda 270 og 240 har til saman 42,94 stillingsheimlar. Stillingsheimlane er fordelt med 12 tenester på ansvarsområde 240 og 1 teneste på ansvarsområde 270.

Tenestene som har eigne driftsbudsjett er kommunehelsetenesta, legevakt (inkludert ØH-senger, psykiatri og rus), fysioterapiteneste, skjenkekонтroll, krisesenter, barnevernteneste inkludert tiltak, annan bustad/institusjon, brukarstyrt personleg assistent (BPA), fritidskontaktteneste, omsorgstun, heimesjukepleie, heimehjelp, institusjonskjøkken, dagsenter, arbeidsstove, dagavdeling for demente og ergoterapi.

Eining 240

	Tenester
1200	Felles administrasjon
1209	Adm. fagområde
2320	Helsestasjon og jordmorteneste
2340	Drift av nr.10/Brakanestunet
2342	Støttekontaktteneste
2340	Dagavdeling for demente
2410	Kommunelegeteneste
2411	Legevakt
2412	Fysioterapiteneste
2422	Skjenkekонтroll
2423	Krisesenter
2430	Edruskap og behandling
2440	Barnevernteneste adm
2510	Barnevernstiltak i familie §4-4
2520	Barnevernstiltak utanfor familien
2530	Ulvik omsorgstun
2533	Annan bustad/institusjon
2541	Heimesjukepleie
2542	Ergoterapi
2544	Psykologteneste
2546	Omsorgslønn

Eininga er ansvarleg for inntaksnemnd for vurdering av institusjonsopphald, bustadgruppa, tverrfagleg gruppe, koordinerande eining, saker etter serverings- og alkohollova, folkehelse,

flyktningar, heradet sin representant i styret i bustadstiftinga og deltaking i Samarbeidsråd Voss lokalsjukehus.

Ening 270

	Tenester
1200	Felles administrasjon
1209	Adm. fagområde
2420	Sosialrådgjever
2430	Edruskap og behandling
2750	Introduksjonsordning
2810	Bidrag livsopphald §5-1/5-2

Kommunane og staten har eit felles ansvar for NAV-kontora

Arbeids- og velferdsforvaltninga har fleire oppgåver: å hjelpe folk i arbeid, bidra til sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet og å gje sosial og økonomisk tryggleik for den enskilde.

5.1.2 Status på drift og måloppnåing på ansvarseininger

5.1.2.1 Økonomi

Driftsrapport 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Helse						
Inntekt	-13 594 000	-7 871 000	-7 871 000	-5 723 000	-10 970 000	-6 829 000
Utgift	65 315 000	48 511 000	54 212 000	11 103 000	53 069 000	46 205 000
Netto	51 721 000	40 640 000	46 341 000	5 380 000	42 099 000	39 375 000

Helse- og omsorgsansvaret, ansvar 240, har eit meirforbruk på kr 4 484 000 i høve budsjett. NAV, ansvar 270 har eit meirforbruk på kr. 779 000 i høve budsjett. Totalt sett, er det eit meirforbruk på kr 5 263 000 for ansvar 240 og ansvar 270.

Skildring	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Revidert budsjett 2021	Avvik 2021
240 Helse og omsorg						
Inntekt	-10 651 000	-12 115 000	-6 808 000	-7 849 000	-7 849 000	-4 266 000
Utgift	49 171 000	59 885 000	42 504 000	45 450 000	51 136 000	8 749 000
Netto	38 520 000	47 770 000	35 697 000	37 601 000	43 287 000	4 484 000
270 NAV						
Inntekt	-319 000	-1 541 000	-22 000	-22 000	-22 000	-1 519 000
Utgift	3 898 000	5 375 000	3 701 000	3 060 000	3 076 000	2 299 000

Skildring	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Revidert budsjett 2021	Avvik 2021
Netto	3 579 000	3 834 000	3 679 000	3 038 000	3 054 000	779 000

Ansvar 240

Det er fleire årsaker til desse avvika:

- Auka kostnadskulda under pandemien (vikarbruk og overtid).
- Ekstraordinære lønskostnadane knytt til pandemien har berre vorte delvis kompensert av Staten.
- Mindre inntening på grunn av korona og endring av tenester knytt opp mot pandemien
- Auka kostnad til barnevern

Ansvar 270

Me har eit meirforbruk på 709 000.

- Auka kostnad til nytt dataprogram, Socio
- Auka kostnad til sosial stønad som følge av pandemien - sesongarbeidarar har ikkje lenger hatt rett til dagpengar.

Løyvingsoversikt B investering 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Helse						
4 254 Helseutstyr og inventar 2021						
Utgift Helseutstyr og inventar 2021	540 000	0	725 000	-185 000	0	0
Netto Helseutstyr og inventar 2021	540 000	0	725 000	-185 000	0	0
4 446 Bilar helse						
Utgift Bilar helse	0	725 000	0	0	0	50 000
Netto Bilar helse	0	725 000	0	0	0	50 000
Utgift	540 000	725 000	725 000	-185 000	0	50 000
Netto	540 000	725 000	725 000	-185 000	0	50 000

Vi har investert i ein del utstyr og inventar, mellom anna:

- Undersøkingsbenk for gynekologiske undersøkingar
- Medisinsk utstyr, som måtte fornyast
- Nytt datasystem, Cosdoc
- Utstyr til fysioterapitenesta

5.1.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
270	1	1	
240	41,94	41,94	

Me har fått tilskot til løn for to miljøterapeutar lik 1 350 000. Me har i 2021 fått tilsett i ein av stillingane.

5.1.2.3 Oppfølgning av mål satt i økonomiplan

Ansvar 240

Målsetjingar og strategiar for ansvar 240	
1. Kutt i overtidsbruk og bruk av vikarbyrå	
Tiltak	Status
• Reduksjon av ein avdelingsleiarstilling	Ferdig
• Avdelingsleiarar får tildelt eigne budsjett. Dette gjev eigarskap til budsjetta og vil auke forståing for økonomistyring.	Ferdig

Målsetjingar og strategiar for ansvar 240

• Økonomirapportering ein gong i mnd for å sikre at eininga kan gjere tiltak i tide. Dette gjeld til dømes der enkeltvedtak medfører auke i utgifter. Slike enkeltvedtak må medføra tilskot av midlar/ justering av budsjett	Under arbeid, delvis utført
• Endre gjennomføring av ferie for å auka bruk av eigne tilsette	Ferdig
• Motivera personalet til å stå i utfordrande oppgåver	Ferdig
• Endring i turnus skal gje redusert bruk av overtid og ei betre styring.	Utfordrande, kontinuerleg arbeid.
• Omorganisering der me får meir fagleg tyngde inn i organiseringa.	Under arbeid
• Ved sjukdom skal ein prøve å drifta utan å leiga inn vikar	Utfordrande, kontinuerleg arbeid
• Ved vakante stillinger skal ein i første omgang sjå på endringar i staden for tilsetjing.	Kontinuerleg arbeid
2. Skal skapa ei robust eining	
Tiltak	Status
• Kompetanseutvikling hjå personalet for å skapa rollefleksibilitet	Utsett pga. korona
• Nyttja personale på tvers i eininga	Berre delvis gjennomført, grunna pandemien
• Sjukepleiarar med fagansvar i kvar avdeling på omsorgstunet	Utfordrande grunna for få sjukepleiarar i turnus
3. Rekruttere vikarar med rett kompetanse	
Tiltak	Status
• Vera aktive på sosiale media for å reklamere for eiga eining.	Ikkje starta, flyttast til 2022
• Nytte gratis oppslag for å fremja eininga som arbeidsplass	Ikkje starta, flyttast til 2022
4. Utvikle samarbeid med andre	
Tiltak	Status
• Delta i allereie eksisterande nettverk og samarbeidsorgan	Utført, kontinuerleg under arbeid
• Betre samarbeid med Eidfjord med til dømes psykologteneste, IKT-avtalar og prosjektleiar.	Utført, kontinuerleg arbeid
• Utarbeide forslag til tenesteområde som bør inngå i interkommunalt samarbeid	Ikkje starta, flyttast til 2022
• Auka bruk av og tilrettelegging for bruk av frivillige	Ikkje utført, pga pandemien

Målsetjingar og strategiar for ansvar 240

5. Bruka teknologi som kan effektivisera arbeidsprosesser

Tiltak	Status
• Kjøp av bærbare pc-ar og iPad-ar for å sikra tilgang til dokumentasjon utanfor institusjon.	Under innføring
• Etablere arbeidsstasjonar som har pc og skjermar	Ferdig
• Utnytta mogelegeheter i eksisterande program og system	Under arbeid - kontinuerleg
• Sikre systemrelevant kompetanse hjå dei tilsette	Under arbeid - kontinuerleg
• Nytt a velferdsteknologi der dette er mogleg	Under arbeid - kontinuerleg

6. Sikre at alle avtaler med eksterne aktørar er økonomisk forsvarlege

Tiltak	Status
• Bustadstiftinga	Ferdig
• Kjøp av private tenester	Ferdig
• Kjøp av kommunale tenester frå andre kommuner	Kontinuerleg arbeid.

7. Sikre utviklingsarbeid gjennom tilskot

Tiltak	Status
• Styrka rehabilitering utanfor institusjon	Pågår. Dette er ein del av drifta og me har implementert dette i rutinane i løpet av dette året
• Styrka fokus på brukarar og overgangen mellom dei ulike instansane	Kontinuerleg arbeid
• Styrka førebyggjande arbeid i utvikling av folkehelseplan	Kontinuerleg arbeid
• Styrka frisklivstilbod som ein del av førebyggjande arbeid	Kontinuerleg arbeid
• Styrka fagleg kompetanse gjennom kompetansemildar	Ikkje utført (flyttast til 2022)
• Styrka kantinedrift gjennom innovasjonsmidler	Kontinuerleg arbeid
• Styrka "leve heile livet"-reformarbeidet gjennom innovasjonsmidlar	Kontinuerleg arbeid
• Styrking og utvikling av helsestasjons- og skulehelsetenesta	Ferdig

8. Endre innkjøpsrutinane våre

Tiltak	Status
• Me må få ei betre oversikt over innkjøp, og kva som er på lager	Ikkje starta (flyttast til 2022)

Målsetjingar og strategiar for ansvar 240

• Me må finne den rimelegaste og beste løysinga ved tinging av varer.	Ikkje starta (Flyttast til 2022)
---	----------------------------------

Ening 270

Tiltak	Status
Få fleire ut i jobb (heilt eller delvis) med statlege tiltak der det er mogleg (t.d. lønstillskot).	Kontinuerleg arbeid, utfordrande under pandemien
Å nytta dei individuelle økonomiske ordningane i staten, t.d. bustøtte og arbeidsretta tiltak for å hjelpe.	Ikkje starta (Flyttast til 2022)
Få minst ein brukar over på kvalifiseringsstønad	Utført og videreførast til 2022-2025
Hjelpe minst ein familie til å få kjøpt huset dei har leigd i fleire år, gjennom startlån/Husbanken	Overført til 2022

5.1.2.4 Tenesteproduksjonen i året som gjekk

2531 Kjøkkentenester.

Me fekk ein utfordrande start på året med pandemien som råka oss hardt frå slutten av januar og i heile februar. Kjøkkentenesta stod i ein kort periode att med to tilsette som var på arbeid, medan resten av arbeidsstyrken på sju tilsetja var i karantene. Me var så heldige å få hjelp av Eidfjord, med middag og lunsj i fem dagar, før me hadde dei tilsette på jobb att.

Me leverer ut varm middag med dessert/kake kvar dag til heimebuande, som har behov for å få mat levert heim. Me har og fleire som mottek ferdig påsmurt frukost og kveldsmat.

Sommaren gjekk greitt, men var noko hektisk, grunna redusert bemanning i hovudferien.

Kjøkkentenesta har sidan me flytta ut til nytt omsorgstun i desember 2019, tenkt at det skulle startast opp med både skulemåltid og kantinedrift. I mai 2021, så starta det opp seniortreff på omsorgstunet, der heimebuande eldre over 75 år kom til omsorgstunet kvar torsdag. Dei starta med kaffi og kake, før dei fekk servert heimelaga middag med dessert. Dette har vore eit særslig positivt tiltak for alle partar. Hausten 2021 starta me opp med varmt skulemåltid. Elevane åt måltida i kantina på omsorgstunet. Klassane vart fordele på tre dagar: mandag, onsdag og torsdag. I heradstyremøte i desember, fekk kjøkkenet tilført midlar til å auka opp med ei 40%-stilling i samband med skulemåltidet.

Me fekk i løpet av hausten midlar til aktivitørar/frukostvertar på omsorgstunet. Dette har vist seg å vera positivt for bebuarane våre. Dei kan gå på kafe i kantina, reisa på butikken, koma seg ut i hagen og gå lengre turar. Av desse prosjektmidlane arrangerte me og smalahovemiddag for bebuarane og pårørande. Dette var særslig vellukka og alle var nøgde med arrangementet.

2345 Dagavdeling for personar med demens

Å ha eit dagtilbod for heimebuande personar med demens, er ei lovpålagt teneste som for tida ligg til omsorgstunet, ved skjerma eining. I Ulvik er dette tilbodet kalla dagavdeling for personar med demens. Dagavdelinga er open tre dagar i veka; mandag, tysdag og onsdag, og ein har desse dagane ein person ekstra på avdeling som skal henta brukarane i eigen heim, laga frukost og sørge for aktivitetar saman med ein frå det eksisterande personalet på avdelinga.

I 2021 har dagavdelinga for personar med demens vore periodevis stengt pga pandemi og lokalt utbrot i Ulvik. Dagavdelinga har sommarferie i dei vekene der det er vanskeleg å få tak i nok personale – til dømes ved ferieavvikling. Dagavdelinga er med i årsturnusplanlegginga. Dagavdelinga reiser mellom anna på bilturar, Vossatur med kafè-besøk, og aktivitetar på sjølve omsorgstunet med fokus på matlaging, baking, synging og handarbeid.

På slutten av året har manglande søkerar og naturleg bortfall av eksisterande brukarar gjort at tenesta berre har brukarar for dei som bur på omsorgstunet. Det har difor ikkje vore naudsynt å leiga inn vikar ved t.d sjukdom. Det har òg gjeve oss moglegheit til å omdisponera ein tilsett til anna arbeid ein dag i veka.

2530 Ulvik omsorgstun

Ulvik omsorgstun stod nytt i desember 2019. Heile 2020 var sterkt prega av pandemien i verda, noko det òg var i 2021. Det lokale utbrotet i januar-mars 2021 har ført til auka kostnadene på fleire område, mellom anna ved sjukefråvær, innleige av vikarar, ekstravakter m.v. for å syta for godt smittevern og forsvarleg drift. Me fekk uvurderleg hjelp frå fleire kommunar og helseføretak i samband med utbrotet vårt i februar. Kostnadene relatert til utbrotet har me fått 100% kompensasjon for av staten. For pandemirelaterte kostnadene utanom utbrotet har me fått kompensert ca. 30%.

I sommaren 2021 vart det brukt vikarbyrå og bonusvakter, noko som vart vurdert som heilt naudsynt for å få ferieavviklinga til å gå opp. Sommaren var prega av post-covid-plager hjå enkelte tilsette og nokre var ikkje fullt tilbake i arbeid. I tillegg var det dei vanlege utfordringane med å få sommarferieavviklinga til å gå opp.

I om lag sju månadar av 2021 var to sjukepleiarar i 100% stilling ute i svangerskapspermisjon, der me berre fekk dekt 50% av den eine stillinga med vikar. Dette førte til auka vikarinnleige for å dekkja fagbehovet for sjukepleiarar.

Grunnbemanninga på omsorgstunet har vore halde oppe gjennom året, men med mindre fagdekning enn oppsett i bemanningsplanen. I hektiske periodar med fulle avdelingar har me mått ta inn ekstra personal for å ha ei forsvarleg drift.

Oversyn over innkomne søknadar relatert til institusjon og heimesjukepleie for 2021:

Langtidsopphald	4
Korttidsopphald	27
Avlastningsopphald	6
Dagavdeling	0
Heimesjukepleie	20
Heimehjelp	8
Tryggleiksalarm	12

2540 Heimetenesta

Heimetenesta har to tilsette. Ein av desse har opprinnelig ei dagvakt i veka på dagavdeling for personar med demens. Den andre jobbar arbeidshelg i institusjon. Pandemien og det lokale smitteutbrotet i Ulvik påverka òg heimetenesta. Under utbrotet i februar fekk berre nokre få (2-3) brukarar hjelp. Dette var dei brukarane der det var aller mest naudsynt med denne tenesta. Dei aller fleste av brukarane var ein periode utan heimetenesta. Langtidssjukefråvær i løpet av året har ført til bruk av vikarar òg i denne tenesta. Heldigvis har me hatt aktuelle kandidatar som har stilt opp i korte eller lengre periodar, i tillegg til at me har nytta ein tilsett frå omsorgstunet som heimehjelp.

Vikarane frå 2021 vert med i 2022 i ferieavvikling og ved sjukefråvær.

2541 Heimesjukepleie

Fastløna må sjåast i samanheng med omsorgstunet, då pleiarane går på tvers.

I 2021 har me i gjennomsnitt 30 brukarar av tryggleiksalarmer.

I store delar av 2021 har ikkje heimesjukepleia hatt lov til å hjelpe til inne i avdelinga av smittevernsmessige omsyn. Dette har periodevis ført til ekstra innleige på personal på ettermiddag, då ein i normaldrift av omsorgstunet er avhengig av hjelp frå heimesjukepleia på ettermiddag/kveld for å få drifta til gå opp.

Heimesjukepleia har hatt varierande brukartal, og varierande tyngde på brukarar. Jamt over kan ein notera seg at mange heimebuande har auka behov for tenester og har meir komplekse helseutfordringar. I tillegg til målsetjinga om at eldre skal bu lengst mogeleg i eigen heim, påverkar dette ressursane i heimesjukepleien. Per i dag har me ikkje lik bemanning i helgane som i kvardagane, og det har i 2021 vore nokre periodar der det har vore innleidt personal for å støtta behovet for hjelp i heimesjukepleia på dagtid i helgane. Bemanninga er i helgane redusert med ein person på dagtid, medan behovet for hjelp frå brukarane er det same.

2412 Fysioterapitenesta

Den kommunale fysioterapitjenesta har byrja å ta meir form. Me merkar at me er meir synlege i kommunebilete og at det er lettare for både innbyggjarane og kollegaar i helse, andre kommunale tenester, skule og barnehage å ta kontakt med spørsmål og ynske om hjelp frå tenesta

Sjølve fysioterapiinstituttet har etter investeringar frå heradet kome opp mot dagens standard for treningsutstyr og det me kan tilby som kommunale fysioterapeutar, men manglar framleis noko. Dette ynskjer me å arbeida vidare med å få på plass dei neste åra.

Det har vore opp og ned med pasientar på venteliste, det har vore arbeidd godt ut ifrå prioriteringsnøkkelen til fysioterapiinstituttet og me har klart å følgja denne godt.

Det vart arrangert eit kurs i regi av Ulvik Fysioterapi for alle fysioterapeutar i Hardanger, Voss, Vaksdal, Vik og omegn. Her deltok over 25 fysioterapeutar. Kurset vart halde på Brakanes Hotel. Dette var ein stor suksess og godt for både samarbeid mellom kommunane, og for det faglege og sosiale samhaldet mellom fysioterapeutane i nabokommunane.

Det er etablert eit godt samarbeid med Høgskulen i Vestland om å ta imot studentar.

Fysioterapavdelinga har ein utdanna rettleiar som har ansvaret, men studentane fylgjer alle. Det vert i hovudsak teke imot andreårsstudentar, men det har òg vore nokre fyrsteårsstudentar innom (i 2021 var det tre studentar).

Fysioterapeuten er fast deltakar på tverrfagleg møte på måndagar på omsorgstunet og har oppfølging av pasientar både på individnivå og i mindre grupper. Det vart etablert eit aktivitetsrom

på den eine stova på somatisk avdeling. Der er det sett opp diverse treningsustyr som bebuarar kan nytta saman med fysioterapeut eller pleiepersonale, samt med pårørande når dei er på besøk. Aktivitetsrommet er det ynskjeleg å vidareutvikla i åra som kjem.

Det var sett opp revidering av plan for rehabilitering i 2021, dette vart ikkje gjort pga sjukemelding og covid, men er overført til 2022. Det er behov for å arbeida vidare med internkommunikasjon, opplæring i rehabiliteringspasientar og plan for det tverrfaglege samarbeidet som er rundt opptrening og vidareføring av gode rutiner.

Fysioterapeuten arbeider tett opp mot helsestasjonen når det gjeld barn og unge. Prosjektet «Leik og Le- Aktive barn og unge» er kome i gang som skildra i prosjektsøknaden. Det skal arbeidast vidare med å etablera gode rutinar. Då det i deler av 2021 berre var ein fysioterapeut på jobb vart arbeidet med etablering av denne delen av fysioterapitenesta sett på vent. Dette då instituttet måtte prioritera arbeidet med rehabiliteringspasientar.

Ein av fysioterapeutane har vore langtidssjukemeldt i store delar av 2021. Dette har gått ut over innteninga og drifta generelt. Me fekk inn vikar frå og med september.

Digitale konsultasjonar og nedstenging grunna pandemien gav ikkje inntening i tråd med vedteke budsjett. Dette vart betra etter sommaren 2021 då det kom på plass takstar for digitale konsultasjonar.

Me fekk ikkje tilsett ein turnus-fysioterapeut som me håpte, med tanke på arbeidet med prosjektet «Leik og Le – Aktive barn og unge», men me fekk sendt inn ein søknad om å bli godkjend som kommune og dette fekk me innvilga rundt nyttår. Difor kan me håpa på at nokon ynskjer å velje oss i 6 månadar i 2022.

Gjennom prosjektmidlar har me fått laga til nokre filmar frå ulike sykkeleruter rundt om i Ulvik. Filmane er laga for å syna fram til bebuarane på omsorgstunet. Filmene er laga av Hardingfilm og tek mellom anna føre seg ruter til Vambheim, Hjeltnes, Frukt- og siderruta m.m, i tillegg til ein stølsturfilm til Jonstøl. Hovudmålet med filmene er å motivera til meir aktivitet blant bebuarane gjennom å samtidig sykla på arm-/beinsykkelen eller ergometersykkelen. Filmene er også fine å sjå på i seg sjølv og kan gi bebuarane ei opplevelserik reise i kjende og kjære omgjevnadar.

Det har vorte arbeidd mykje med prosjektet «Leik og Le – Aktive barn og unge». Her fekk me tilskot på 371 500 kr frå Helsedirektoratet for å styrka helsestasjonen og samarbeidet med fysioterapitenesta i arbeidet med barn og unge. Tilskotet er løyvd for ein treårleg periode, og same beløp vil verta utbetalt i 2022 og 2023.

Prosjektet er delt opp i tre hovudområde der det skal leggjast ekstra innsats inn på helsestasjonen, i barnehagen og på skulen. Det er etablert eit tett samarbeid med einingsleiarane om prosjektet.

Det er sendt prosjektrapport til Helsedirektoratet om arbeidet som er gjort i 2021.

Fysioterapitenesta er òg ein del av andre kommunale prosjekt, til dømes betre tverrfagleg innsats (BTI), rehabilitering, seniortreff og "Leva heile livet".

Instituttet var stengd i fem veker i 2021. Det vart gjennomført digitale konsultasjonar for alle det var moglegheit for.

Det vart fleire avtingingar pga sjukdom, symptom og at folk har vore i karantene.

Gruppetreningane har ikkje vorte gjennomførde det meste av året. Det vart etablert digital treningsgruppe under nedstenginga for dei som ynskte å delta på dette. Då det vart opna meir opp på hausten, vart gruppene starta opp att, men med færre deltagarar og med to meter mellom deltagarane.

2410 Kommunelegetenesta

I heile 2021 var drifta prega av pandemien. Dei fast tilsette vart omprioriterte til koronarelaterte oppgåver som vaksinasjon og testing, smittesporing og rettleiing. Både ved kommunelegekontoret og helsestasjonen gjekk dette ut over dei vanlege oppgåvene. Og det medførte sterkt slitasje på personalet som ofte arbeidde utover normal arbeidstid. Perioden frå slutten av januar til medio mars var særskilt krevjande. Og med våren kom opptrapping av tempoet i covidvaksinasjonsprogrammet. Dette heldt fram for fullt gjennom sommarferien. Vi måtte leiga inn pensjonistar og bruka tilsette på overtid for å handtera oppgåvene. Sett under eitt har det vore eit krevjande arbeidsår. Me har klart å oppretthalda forsvarleg drift og gode tenester til innbyggjarane i heile perioden.

Det har vore relativt stor inntektssvikt på legetenesta. Det skuldast i all hovudsak pandemien. Færre pasientar møtte til konsultasjon, mykje vart ordna per telefon, noko som gjev lite inntekt. Det var ekstra kostnad til legevikar for kommuneoverlegen i mai-juni, grunna seks veker studiepermisjon (forskningsprosjekt etter utbrot). Det vart tilsett i 50% ekstra prosjektstilling for å avlasta arbeidet med testing og planlegging av vaksinasjon frå 1.10.2021.

Psykologtilbodet kom i gang i august-september 2021

2320 helsestasjon og jordmorteneste

Helsejukepleieren gjekk ned i 80% stilling frå oktober. Det vart tilsett helsejukepleiar under utdanning i 50% stilling frå 1.10.2021. Denne stillinga er delvis finansiert på prosjektmidlar frå BTI og Leik og Le.

Helsestasjonen har vore inne i fleire prosjekt, mellom anna:

- Leik og Le
- BTI
- ICDP foreldrerettleiingsprogram.

Jordmor har vore innleid frå Voss herad i 10% stilling.

2542: Ergoterapitenesta

Det er tilsett ny ergoterapeut i heradet frå 01.02.2021 i 100% stilling. Denne stillinga er også tillagt rolla som sakshandsamar for helse- og omsorgstenester. Tenesta har hatt auka etterspurnad gjennom året.

Det har vore omorganiseringar i tenesta for å få rutinar på plass, som det også vert arbeida med vidare i 2022.

Frå hausten 2021 har det vore auke i tal søknader på helse- og omsorgstenester.

Den auka etterspurnaden både til ergoterapitenesta og saksbehandlarar for helse- og omsorgstenester

heng saman med at brukarane skal bu heime lengst mogleg og treng tilrettelegging i heimen og fleire heimebaserte tenester.

Ansvar 270 NAV

Alle flyktningar er no i aktivitet, anten i form av arbeid, grunnskule eller norskopplæring.

Me hadde ein kandidat i kvalifiseringsprogrammet (kvp) i 2021, men tiltaket vart avslutta. Det var ingen deltararar i kvp ved utgangen av året.

Pandemien førte til auka behov for sosial stønad, både frå langtidsarbeidsledige, men og frå sesongarbeidarar grunna restriksjonar som fylgje av pandemien.

5.1.3 Internkontroll og tilsyn

Ansvar 240 og 270

- Kvar tredje månad er det tilsyn med A- og B-preparat
- Gjennomført legemiddelkontroll 2021
- Kontroll av kjølar, kjøleskap og fryserom kvar dag
- Vernerunder
- Brannopplæring til nytilsette (øving 2022)

6 Teknisk

6.1 Drift og økonomi

6.1.1 Status på drift og måloppnåing på ansvarseiningar

6.1.1.1 Økonomi

Driftsrapport 2021

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Teknisk						
Inntekt	-15 552 000	-12 644 000	-13 069 000	-2 483 000	-12 894 000	-11 461 000
Utgift	33 703 000	25 769 000	27 995 000	5 708 000	28 810 000	25 998 000
Netto	18 151 000	13 125 000	14 927 000	3 225 000	15 916 000	14 537 000

Både teknisk drift og reinhold har hatt ekstra utfordringar i 2021. Reinhold har særskilt vore sett på prøve i samband med koronaberedskapen. Alle dei tilsette har vist stor fleksibilitet og omstillingsevne i takt med råd frå sentrale mynde.

Allereie ved 1. tertial var det synleg at teknisk ville få eit meirforbruk. Etter ei grundig analyse av den økonomiske stoda på teknisk er konklusjonen at nokre, vesentlege budsjettpostar har vore for lågt budsjettet. Dette skuldast endringar i bruk som har skjedd over fleire år.

Det har vore mykje fråvær i 1. halvår som skuldast karantenereglar, samt auke i behov for smittevask og reinhold i helgane. Auka bruk av ressursar har medført auka lønskostnad. Materialkostnad har og auka: det vart kjøpt inn ekstra utstyr til omsorgstunet under utbrotet, mellom anna ny skuremaskin, munnbind og eingongshanskar.

Av ikkje-planlagde hendingar som oppsto i løpet av året og vart utbetra kan nemnast eit øydelagt vassrør ved Ulvik camping, oppgradering av bygningsmassen i Holmen, m.a. måling av Istadhuset.

I prosessen med områderegulering av Holmen og Øvre Skeie/Hjelmavoll kom det krav frå fylkeskommunen om arkeologiske registreringar. Dette er utført.

Det har oppstått lekkasje i symjehallen; undersøking og reparasjon krev ekstra finansiering og er planlagt utført i 2022. Estimert kostnad kr 40 000.

I samband med vaksinasjon og testing har vaktmeistarane òg vore brukt til andre oppgåver enn dei vanlegvis gjer, som smittevakt og tilrigging av testlokaler, mm. Teknisk administrasjon vart over lang tid omfatta av heimekontorordninga, som kravde ein god del tilretteleggjing.

Det har vore mykje fokus på arbeid med å finne løysing for godkjend brannstasjon. Moglege alternativ har vore utgreidd.

Sal av Bagnstrond skule vart ei omfattande sak, grunna usemje med ein lokal grunneigar og var ikkje ferdigstilt i 2021. Saka har kravd bruk av juridisk bistand med tilhøyrande kostnadar.

VA-området syner eit vesentleg mindreforbruk i investeringsrekneskapen. Dette skuldanst at

noverande VA-plan har ei rekke grunnføresetnadar som ikkje lenger er relevante. Om planen vert fylgt utan ny revidering risikerer ein å nytta store midlar på arbeid som ikkje lenger er naudsynt eller samfunnsøkonomisk lønsamt. VA-planen vil difor verta revidert med oppstart i 2022.

280 - Teknisk administrasjon

Meirforbruk er knytt til ikkje-budsjetterte kostnadars til lysing av stillingar (kr 87 000), og manglende gebyrinntekter frå byggesak og oppmåling (om lag kr 423 000). Lønskostnadar (kr 176 000) vart og underbudsjettert (tilsette har slutta, oppseiingsperiode vart i januar-februar). Tilskot til idrottsanlegg vart ikkje budsjettert i 2021 (kr 122 000)

281 - Brann og brannførebyggjande arbeid

Feietenesta har eit meirforbruk på kr 758 000. Dette skuldast at feietenesta var budsjettert med frie inntekter, men rekneskapsført, etter juridisk avklaring, som sjølvkostområde der inntekter utover faktiske kostnadars vart sett av til bunde sjølvkostfond (kr 528 230). Det faktiske feiegebyret vart også lågare enn budsjettert (kr 90 000).

Brannkorpset hadde også auka kostnadars. I hovudsak knytt til fleire utrykningar (meirforbruk på kr 265 000) og kjøp av bildekk til brannbil.

282 - Vatn og avløp

Området for vatn og avløp dekkjer tre ulike sjølvkostområde: Vatn, avløp og septikk. Vatn har hatt eit planlagt mindreforbruk som har gått til dekning av historisk underskot. Avløp har hatt eit meirforbruk då rett gebrysats har vore vanskeleg å rekna ut før ein fekk på plass betre verkty i 2021. Septikk har hatt eit planlagt meirforbruk som vart dekka inn gjennom bruk av sjølvkostfond.

283 - Kommunale bygninger

Bygningsmassen til heradet har hatt eit samla meirforbruk for 2021 med fleire årsakar.

Straumkostnadars har vore svært høge, men har vorte kompensert gjennom tilføring av meirinntekter frå sal av erstatningskraft. I snitt har me betalt rundt 2 kr pr kWh (1,5 kr meir enn normalt).

Koronarelaterte kostnadars som ikkje har vore kompensert har vore om lag kr 250 000

Me brukte meir på løn på reinhald (kr 182 000) og kjøp av reinhaldsartiklar (kr 100 000).

Kostnadars knytt til kommunale avgifter var og høgare enn budsjettert (kr 446 000).

Serviceavtalar hadde kostnadars på kr 220 000 over budsjettert beløp på årsbasis.

Elvatun vart i ein periode nytta som barnehageavdeling. Dette har medført auka driftskostnadars knytt til bygget.

For å få årsresultatet i balanse vart det innført innkjøpsstopp og reisestopp i teknisk eining. Likevel var ein del innkjøp og reiser ikkje mogleg å avlysa. Me treng å vedlikehalda kompetanse, og halda oss oppdatert på dei endringane som er relevante for å drifta eininga i tråd med dagens lovkrav.

Løyvingsoversikt B investering 2021

	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Teknisk							
2 233	Koronaprojekt vedlikehald 2020						
	Utgift Koronaprojekt vedlikehald 2020	0	0	0	0	109 000	0
	Netto Koronaprojekt vedlikehald 2020	0	0	0	0	109 000	0
4 024	Toalettanlegg Holmen 2020						
	Utgift Toalettanlegg Holmen 2020	0	0	0	0	694 000	0
	Netto Toalettanlegg Holmen 2020	0	0	0	0	694 000	0
4 101	Brannbil 2018						
	Utgift Brannbil 2018	0	327 000	327 000	-327 000	0	0
	Netto Brannbil 2018	0	327 000	327 000	-327 000	0	0
4 232	Kommunedelplan vatn						
	Utgift Kommunedelplan vatn	0	2 998 000	2 998 000	-2 998 000	0	3 100 000
	Netto Kommunedelplan vatn	0	2 998 000	2 998 000	-2 998 000	0	3 100 000
4 233	Kommunedelplan avløp						
	Utgift Kommunedelplan avløp	0	2 998 000	2 998 000	-2 998 000	0	3 000 000
	Netto Kommunedelplan avløp	0	2 998 000	2 998 000	-2 998 000	0	3 000 000
4 248	Kvåle-Håheim VA						
	Utgift Kvåle- Håheim VA	0	0	0	0	110 000	0



	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
	Netto Kvåle-Håheim VA	0	0	0	0	110 000	0
4 249	Prestabrekka VA 2020						
	Utgift Prestabrekka VA 2020	0	0	0	0	548 000	0
	Netto Prestabrekka VA 2020	0	0	0	0	548 000	0
4 250	Fortau Storøyni						
	Utgift Fortau Storøyni	0	0	0	0	155 000	0
	Netto Fortau Storøyni	0	0	0	0	155 000	0
4 251	Hamneforskrift						
	Utgift Hamneforskrift	0	0	0	0	4 000	0
	Netto Hamneforskrift	0	0	0	0	4 000	0
4 252	Rehab kloakkledning skulen						
	Utgift Rehab kloakkledning skulen	374 000	0	300 000	74 000	31 000	0
	Netto Rehab kloakkledning skulen	374 000	0	300 000	74 000	31 000	0
4 253	Brannutstyr og lager 2021						
	Utgift Brannutstyr og lager 2021	280 000	0	0	280 000	0	0
	Netto Brannutstyr og lager 2021	280 000	0	0	280 000	0	0
4 255	VA-plan vatr 2021						
	Utgift VA-plan vatr 2021	174 000	0	0	174 000	94 000	0
	Netto VA-plan vatr 2021	174 000	0	0	174 000	94 000	0



	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
4 256	VA-plan avløp 2021						
	Utgift VA-plan avløp 2021	174 000	0	0	174 000	55 000	0
	Netto VA-plan avløp 2021	174 000	0	0	174 000	55 000	0
4 315	Sal av kommunal eigedom						
	Utgift Sal av kommunal eigedom	0	0	0	0	1 000	0
	Netto Sal av kommunal eigedom	0	0	0	0	1 000	0
4 360	Toppdekke Holmen						
	Inntekt Toppdekke Holmen	0	0	0	0	207 000	0
	Utgift Toppdekke Holmen	0	0	0	0	-207 000	0
4 367	Sjukeheim/ omsorgsbustader						
	Inntekt Sjukeheim/ omsorgsbustader	0	0	0	0	-173 000	0
	Utgift Sjukeheim/ omsorgsbustader	-80 000	0	0	-80 000	8 014 000	11 345 000
	Netto Sjukeheim/ omsorgsbustader	-80 000	0	0	-80 000	7 841 000	11 345 000
4 380	Rehab heis sjukeheim						
	Utgift Rehab heis sjukeheim	524 000	0	0	524 000	0	0
	Netto Rehab heis sjukeheim	524 000	0	0	524 000	0	0
4 428	TSplan 2018						
	Utgift TSplan 2018	0	0	0	0	51 000	0
	Netto TSplan 2018	0	0	0	0	51 000	0
4 431	Kommunale bygg 2019						

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
Utgift Kommunale bygg 2019	0	6 049 000	0	0	0	4 669 000
Netto Kommunale bygg 2019	0	6 049 000	0	0	0	4 669 000
4 432 Kommunale vegar 2019						
Utgift Kommunale vegar 2019	0	0	0	0	2 000	0
Netto Kommunale vegar 2019	0	0	0	0	2 000	0
4 437 Sal sjukeheim i Prestagarden						
Utgift Sal sjukeheim i Prestagarden	627 000	0	0	627 000	162 000	0
Netto Sal sjukeheim i Prestagarden	627 000	0	0	627 000	162 000	0
4 439 Byrsevegen 2019						
Utgift Byrsevegen 2019	0	0	0	0	240 000	0
Netto Byrsevegen 2019	0	0	0	0	240 000	0
4 445 Kommunale vegar 2020						
Utgift Kommunale vegar 2020	1 848 000	4 500 000	4 500 000	-2 652 000	559 000	2 500 000
Netto Kommunale vegar 2020	1 848 000	4 500 000	4 500 000	-2 652 000	559 000	2 500 000
4 452 Tømestasjon bubil 2020						
Utgift Tømestasjon bubil 2020	0	0	0	0	99 000	0
Netto Tømestasjon bubil 2020	0	0	0	0	99 000	0

	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
4 453	Inneklima Brakanes skule						
	Utgift Inneklima Brakanes skule	176 000	0	2 700 000	-2 524 000	749 000	0
	Netto Inneklima Brakanes skule	176 000	0	2 700 000	-2 524 000	749 000	0
4 454	Utgreiling barnehagebygg 2020						
	Utgift Utgreiling barnehagebygg 2020	0	0	0	0	79 000	0
	Netto Utgreiling barnehagebygg 2020	0	0	0	0	79 000	0
4 455	Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbygg						
	Utgift Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbygg	13 000	0	1 893 000	-1 880 000	98 000	0
	Netto Inneklima varme og ventilasjon Sentrumsbygg	13 000	0	1 893 000	-1 880 000	98 000	0
4 456	Riving Lekve skule						
	Inntekt Riving Lekve skule	0	0	0	0	-250 000	0
	Utgift Riving Lekve skule	613 000	0	0	613 000	270 000	0
	Netto Riving Lekve skule	613 000	0	0	613 000	20 000	0
4 457	Bagne skule sal						
	Utgift Bagnes skule sal	216 000	0	0	216 000	10 000	0
	Netto Bagnes skule sal	216 000	0	0	216 000	10 000	0
4 458	Promenade 2020						
	Utgift Promenade 2020	252 000	0	0	252 000	47 000	0
	Netto Promenade 2020	252 000	0	0	252 000	47 000	0



	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
4 459	Rehabilitering Finse skule						
	Utgift Rehabilitering Finse skule	205 000	0	400 000	-195 000	0	0
	Netto Rehabilitering Finse skule	205 000	0	400 000	-195 000	0	0
4 460	Utskifting panelomnar						
	Utgift Utskifting panelomnar	0	0	36 000	-36 000	0	0
	Netto Utskifting panelomnar	0	0	36 000	-36 000	0	0
4 461	Taklekkasjar 50- og 70-talsbygg						
	Utgift Taklekkasjar 50- og 70-talsbygg	0	0	50 000	-50 000	0	0
	Netto Taklekkasjar 50- og 70-talsbygg	0	0	50 000	-50 000	0	0
4 462	Brannalarm tilkopla 110- sentral						
	Utgift Brannalarm tilkopla 110- sentral	358 000	0	150 000	208 000	0	0
	Netto Brannalarm tilkopla 110- sentral	358 000	0	150 000	208 000	0	0
4 463	Brannalarm ny avdeling barnehage						
	Utgift Brannalarm ny avdeling barnehage	2 000	0	200 000	-198 000	0	0
	Netto Brannalarm ny avdeling barnehage	2 000	0	200 000	-198 000	0	0
4 464	Barnehage div. utbetringer						



	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
	Utgift Barnehage div. utbetrinigar	0	0	230 000	-230 000	0	0
	Netto Barnehage div. utbetrinigar	0	0	230 000	-230 000	0	0
4 465	Flytting av teknisk etat til 1. etasje						
	Utgift Flytting av teknisk etat til 1. etasje	0	0	100 000	-100 000	0	0
	Netto Flytting av teknisk etat til 1. etasje	0	0	100 000	-100 000	0	0
4 466	Haugesenteret div. tiltak						
	Utgift Haugesenteret div. tiltak	0	0	180 000	-180 000	0	0
	Netto Haugesenteret div. tiltak	0	0	180 000	-180 000	0	0
4 467	Kommunale bustader div. tiltak						
	Utgift Kommunale bustader div. tiltak	121 000	0	300 000	-179 000	0	0
	Netto Kommunale bustader div. tiltak	121 000	0	300 000	-179 000	0	0
4 468	Holmen, div. utbetrinigar						
	Utgift Holmen, div. utbetrinigar	0	0	110 000	-110 000	0	0
	Netto Holmen, div. utbetrinigar	0	0	110 000	-110 000	0	0
4 469	Utbetring av skulekjøkken						
	Utgift Utbetring av skulekjøkken	220 000	0	1 000 000	-780 000	0	0
	Netto Utbetring av skulekjøkken	220 000	0	1 000 000	-780 000	0	0

	Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
4 477	Lys på fotballbanen						
	Inntekt Lys på fotballbanen	-225 000	0	0	-225 000	0	0
	Utgift Lys på fotballbanen	282 000	0	0	282 000	0	0
	Netto Lys på fotballbanen	56 000	0	0	56 000	0	0
4 478	Grindbygg Holmen						
	Inntekt Grindbygg Holmen	-158 000	0	0	-158 000	0	0
	Utgift Grindbygg Holmen	225 000	0	0	225 000	0	0
	Netto Grindbygg Holmen	67 000	0	0	67 000	0	0
4 479	Sal eide dom Trolltun						
	Inntekt Sal eide dom Trolltun	-150 000	0	0	-150 000	0	0
	Utgift Sal eide dom Trolltun	14 000	0	0	14 000	0	0
	Netto Sal eide dom Trolltun	-136 000	0	0	-136 000	0	0
4 485	Byte golv Askeladden						
	Utgift Byte golv Askeladden	57 000	0	0	57 000	0	0
	Netto Byte golv Askeladden	57 000	0	0	57 000	0	0
4 493	Oppfølging garantiperiode Ulvik Omsorgstun						
	Utgift Oppfølging garantiperiode Ulvik Omsorgstun	81 000	0	0	81 000	0	0
	Netto Oppfølging garantiperiode Ulvik Omsorgstun	81 000	0	0	81 000	0	0

Beskrivelse	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
5 005 Kjøp campinghytter						
Inntekt Kjøp campinghytter	-126 000	0	0	-126 000	-160 000	0
Utgift Kjøp campinghytter	139 000	0	0	139 000	160 000	0
Netto Kjøp campinghytter	12 000	0	0	12 000	0	0
Inntekt	-660 000	0	0	-660 000	-376 000	0
Utgift	6 896 000	16 872 000	18 472 000	-11 575 000	12 136 000	24 614 000
Netto	6 237 000	16 872 000	18 472 000	-12 235 000	11 760 000	24 614 000

Oversikt over status og fremdrift ligg i Vedlegg

6.1.1.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
280	6,2	6,2	
281	0,5	0,5	
282	2,15	2,15	
283	10,53	10,53	

Stillinger i teknisk eining er fordelt som følgjar:

- Administrativ leiar: Eit årsverk
- Plan: Eit årsverk
- Byggesak, kart og oppmåling: 0,7 årsverk
- Vatn og avløp: 2,15 årsverk
- Vegvedlikehald, vinter og sommar: Eit årsverk
- Landbruk, jordbruk og tilretteleiring: 0,6 årsverk
- Skogbruk: 0,5 årsverk
- Vilt- og fiskeforvaltning: 0,1 årsverk
- Brann og redning: 0,5 årsverk
- Byggdrift (administrasjon, vaktmeistar og reinhald). 10,53 årsverk

6.1.1.3 Oppfølging av mål satt i økonomiplan

Målsetjing	Status/resultat

Å levera betre tenester til innbyggjarar; kort sakshandsamingstid	Me har utarbeidd gode interne rutinar for handsaming, og har inngått gode samarbeidavtalar med andre kommunar om tenesteproduksjon, mellom anna samarbeid med Voss om byggesakshandsaming.
Å få betre kontroll over økonomi i eininga	Målet er delvis oppnådd. 2021 har vist at fleire budsjettpostar historisk har hatt høgare kostnad enn budsjettert, mellom anna forsikring, straum og serviceavtalar. Det er gjort tertialjusteringar undervegs i 2021 for å ta omsyn til kostnadsauken dei siste åra. Justeringane er gjort gjeldande for budsjett for 2022 og økonomiplanperioden 2023- 2025.
Å organisere vedlikehaldsoppgåver i prosjektform	Større vedlikehaldsoppgåver relatert til dei ulike einingane er no organisert i prosjektform. Dette gjev betre oversikt over framdrifta og kostnadane knytt til dei ulike vedlikehaldsoppgåvene og ein får plassert ansvaret for prosjekta der det høyrer heime. Det er teknisk eining som har hovudansvaret for alle investerings- og vedlikehaldsoppgåver som gjeld kommunale bygg.
Å digitalisera vaktmeistertenesta	Vaktmeistertenesta er no digitalisert ved bruk av eit nytt FDV-verktøy (forvalting, drift og vedlikehald), FAMAC. Alle oppgåver og aktivitetar som utførast av vaktmeistrane er registrert i verktøyet.
Å redusera vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg	Delvis utført. Det har vore jobba kontinuerleg med vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg gjennom året. I 2021 har me utført vesentleg oppgradering av Finse skule ved å heva standarden på bygget og gjennomført naudsynte tiltak for auke av branngleiken.
Å avhenda gamle sjukeheimen	Delvis utført. Oppmåling av tomt, og endelag avklaring er gjennomført i 2021, men sjølve avhendinga er utsett til 2022 grunna utfordringar med grensejusteringar. Det kom og krav frå Statsforvaltaren om detaljregulering av området. Denne vil ikkje vera klar til avhendingstidspunktet.
Å utarbeide områdeplan for området Holmen	Delvis utført. Etter innspel frå statsforvaltaren og nye krav, er arbeidet med områdeplan forventa ferdigstilt i 2022.
Å revidera/utearbeida ny VA plan	Utsett til 2022. Arbeid med ny VA plan er varsle, men grunna ressursmangel er arbeidet med planen på vent til 2022.

6.1.1.4 Tenesteproduksjonen i året som gjekk

Saksførebuing

Teknisk eining har førebudd saker og utført faglege utgreiingar for rådmannen i politiske saker til formannskapet og heradsstyret.

	Meldigsak	Politisk sak
Formannskapet	22	45
Heradsstyret	2	28

Planarbeid

Planar under arbeid:

1. Detaljregulering Nedre Hjelmavoll/Ø. Skeie.

Det er gjennomført arkeologiske registreringar i planområdet, etter krav frå fylkeskommunen. Norconsult hadde møte med prosjektgruppa (formannskapet) den 19. januar, der arbeidet så langt vart presentert. Parallelt med arbeidet til Norconsult, er kommunegeologen i gang med kartlegging/utsjekk av eventuelle førekomstar av kvikkleire i planområdet. Det er utarbeidd ei sjekkliste for slike kartleggjinger, og det er denne sjekklisten Statsforvaltaren og NVE viste til i sitt tilsvare til oppstartsmeldinga. Me legg opp til politisk handsaming og utlegging til høyring før sommaren 2022.

2. Områderegulering Holmen

Då administrasjonen ikkje hadde fått avklart eksakt tid for arkeologiske registreringar for dette området, vart denne planen lagt ut til høyring *før* registreringane vart gjennomført. Fylkeskommunen v/kulturavdelinga kom i sin uttale til høyringa med krav om forlenga høyringsfrist jfr. kulturminnelova § 9, til 6. januar 2022. Dei gjennomførte registreringane *før* den forlenga høyringsfristen gjekk ut, men heradet har per årsslutt ikkje fått tilsendt rapport eller uttale frå fylkeskommunen.

3. Reguleringsplan Finse – Lågheller

Som eit resultat av diskusjonen kring kommunal planstrategi, vart ein revisjon av reguleringsplanen for Finse – Lågheller vurdert. Statsforvaltaren kom med råd om å avverna situasjonen kring CWD-problematikken (skrantesjuke) før ein eventuelt gjekk i gang med revisjon av planen, og at ein i eventuelle dispensasjonssøknader vurderer situasjonen år for år. Sett i lys av prioritering av planressursar, ser teknisk administrasjon det naudsynt å prioritera utarbeiding og ferdigstilling av andre reguleringsplanar, og heller ha ein positiv innstilling til handsaming av dispensasjonsaker frå reguleringsplanen Finse-Lågheller, fram til situasjonen kring CWD er meir avklart og ein har fått revidert planen.

4. Prosjektstilling for planarbeid

Det er tilsett ein medarbeidar i prosjektstillinga for planarbeid, og vedkommande byrjar i stillinga 1.april 2022.

Byggjesak og oppmåling

Aktivitetsnivået på byggjesak og oppmåling har vore relativt lågt i 2021.

	2020	2021
Byggjesaker	25	31
Deling og oppmåling	4	8
Jordskiftesaker	2	0
Meklarpakkar	6	12
Dispensasjonssøknadar	8	6

Voss herad har i 2021 sagt opp avtalen om utføring av oppmålingsforretningar. Me har inngått ny

avtale med Terratec AS om bistand med oppmåling og matrikkelarbeid.

Landbruk

Det er framleis ein positiv trend der fleire unge tek over gardane i bygda. I 2021 hadde Ulvik herad 58 sokjarar til produksjonstilskot i landbruket, noko som er to mindre enn i 2020 og ein mindre enn i 2019. I tillegg er det nokre gardsbruk som vert drive utan å søkja tilskot. Difor er talet på aktive gardsbruk ganske stabilt. Innan regionalt miljøprogram var det 42 sokjarar, noko lågare enn i 2020. For SMIL-ordninga (spesielle miljøtiltak i landbruket) fekk heradet tildelt kr 100 000, og i løpet av året vart det tildelt kr 47 550 i tilleggslovingar. Dette tilskotet vart fordelt på fire søknadar. Innan tilskot til tiltak i beiteområde fekk heradet ei ramme på kr 45 000, og i løpet av året vart til saman kr 116 046 inndrege av tidlegare års tildelingar på desse midlane, grunna lite bruk. Dei to beitelaga i heradet søkte ikkje på desse midlane, og to heller ikkje ut løyvde midlar. Dreneringsmidlane på kr 100 000 vart ikkje søkt på i 2021. Sesongen 2021 var svært tørr, noko som resulterte i at tre husdyrprodusentar søkte om erstatning etter avlingssvikt.

Viltforvaltning

	Hjortejakt			Elgjakt			Fallvilt
	Kvote, stk	Felte dyr, stk	Felte dyr (%)	Kvote	Felte dyr, stk	Felte dyr, %	
2021	114	90*	79	6	0*	0	7
2020	114	82	72	6	0	0	17

* Jaktrapporteringa for 2021 var ikkje heilt sluttført per årsslutt og endelege tal kan verta noko justert.

Jaktarealet i Ulvik er fordelt på eit elgvald og fire hjortevald. Det teljande arealet utgjer om lag 115 km². Minstearealet er 1 000 dekar for hjort og 20 000 dekar for elg, det same som hjå dei nærmeste nabokommunane. Dei tre største hjortevalda har bestandsplan, men elgvaldet og det minste hjortevaldet oppfyller ikkje minstekravet i lova til bestandsplan, og får difor retta tildeling frå heradet. Regionalt bestandsplansamarbeid har vore vurdert, men det er førebels ikkje oppslutning om dette på grunneigarsida.

I 2019 vart det sett ny fellingsrekord, etter at jaktsesongen vart utvida til ut januar. Det høge uttaket i 2019 kom etter påtrykk frå sentrale mynde for auka jakttrykk og krav til halvering av hjorteviltbestandane samanlikna med 2016-nivået i kommunane rundt Nordfjella, for å redusere risikoen for spreiling av skrantesjuke. NINA (Norsk institutt for naturforsking) vurderer at Ulvik førebels ligg veldig godt an til å nå målet. Også i 2020 og 2021 var fellingsprosenten høgare enn venta frå nasjonalt hald.

Skrantesjuke (CWD) er ei problemstilling som påverkar hjorteviltforvaltninga i stadig større grad. Dei siste fire åra har me vore pålagde å ta prøvar av alle felte, vaksne dyr. Frå og med 2020 er det òg sendt inn underkjever for eksakt aldersbestemming av felte dyr.

Handtering av fallvilt er ei kommunal oppgåve som vert løyst av Viltnemnda.

Skogbruk

	Hogst				Planting		Tilskot
	Total (m ³)	Sagtømmer (m ³)	Massevirke (m ³)	Total verd (kr)	Skogstre (stk)	Juletre (stk)	(kr)

	Hogst				Planting		Tilskot
2021	4 356	2 930	1 390	1 840 129	-	-	9 720
2020	291	168	117	104 089	2350	-	18 799

*Ved til brensel som er innrapportert til virkesdatabasen.

Etter nokre år med lite hogstaktivitet i skogbruket, byrjar hogstvolumet igjen å nærma seg normalen. Granvirke utgjer per 2021 92 % av hogstvolumet. Vedhogst til brensel vert i liten grad innrapportert til virkesdatabasen. Våren og sommaren 2021 var ekstremt tørr og det var vanskeleg å få tak i skogplanter, begge deler har antakeleg medverka til den låge planteaktiviteten i 2021.

Vestland har førebels gode tilskotsordningar for natur- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), men framover må ein i større grad pårekna å finansiere tiltaka ved hjelp av avsett skogfond. Omløpstida på skogfondet er relativt høg. Per 2021 vert det gjeve tilskot etter følgjande satsar (tilskotsprosent): gjødsling (40%), flaterydding (50%), klargjering av mark (50%), nyplanting etter granhogst (30%), nyplanting med treslagskifte (50%), suppleringsplanting (50%), ungskogpleie (80%) og kunstig kvisting (50%).

Motorferdsel

Det er i 2021 gitt 29 løyve til transport med snøskuter (gjevne løyve gjeld ofte fleire turar). 11 løyve vart gjevne til landing med helikopter og 12 løyve til køyring på Rallarvegen. 3 søknader vart avslått. I tillegg har me 11 aktive ervervsløyve for transport med snøskuter, dei fleste knytt til reguléringsområdet rundt Finse.

Etter ein høgsterettsdom for nokre år tilbake er det no nesten frislepp for helikoptertransport med langline utan landing, dette har medført ein liten nedgang i tal søknadar om helikopterløyve.

Prosjekt

Me har i 2021 delteke i prosjekt med sakshandsaming og tilrettelegging for dagsturhytta Solhaug, og byrja på eit prosjekt med ny kommunedelplan for naturmangfald.

Brann og redning

Det har vore 13 utsyrningar i 2021. 4 av desse var automatiske brannalarmer. Det er berre ein av desse som kan reknast som falsk. Den var på omsorgstunet og vart avbroten når me kom fram til stasjonen.

Det vart gjennomført fire øvingar, inkludert re-godkjenning av akutthjelparordninga. Det har vore godt oppmøte på alle øvingane.

Brann og redning har oppgradert naudsyst utstyr i 2021. Prosjektet vart gjennomført innan vedteken ramme.

Brannførebyggjande arbeid

Brannførebyggjande arbeid har fleire fokusområde, mellom anna:

- Brannrisiko og tap av liv/helse
- Tilsyn og andre tiltak i kommunale bustadar
- Tilsyn og andre tiltak hjå eldre heimebuande

Brann- og redningsvesenet har gode rutinar for å fange opp ny risiko.

Totalt tal skorsteinar i heradet: 517

Totalt tal eldstader i heradet: 720

Tal skorsteinar feidd siste året i heradet: 261

Tal tilsyn med fyringsanlegg siste året: 176

Vatn, veg og avlaup

I Ulvik herad er det eitt kommunalt vassverk - Osa vassverk. Vassverket vart etablert i 2001. Vassverket har god kapasitet og leverer godt drikkevatn. Vassverket har ein årsproduksjon på om lag 135-140 000 m³. Dvs. i gjennomsnitt ein produksjon på ca.16 m³/time. Maksimal kapasitet er 45 m³/t.

Dei kommunale avlaupsanlegga består i dag av:

- Eitt mekanisk reinseanlegg på Hjeltnes
- Fem stk avlaupspumpestasjonar (inkl. ein i Hjeltnes reinseanlegg)
- Ti regnvassoverløp
- Tilhøyrande leidningsnett, ca. 15,5

Pumpestasjonane er fjernovervaka og i tillegg til vaktordninga har kommunen eit godt system for beredskap og varsling ved svikt. Holmen pumpestasjon og Hjeltnes reinseanlegg har i dag ikkje automatisk overvakning.

Heradet har driftsovervakingsanlegg for VA-anlegga. Driftsovervakingsanlegget er felles med Voss (Granvin) og Eidfjord. Dette er ei utdatert løysing som bør erstattast med nyare teknologi. Prosessen er sett i gong av Eidfjord kommune. Den skal løysast i samarbeid med Voss (Granvin) og Ulvik herad og skal gjennomførast så snart som råd.

To kommunale vegar vart asfalterte i 2021: Byrsevegen og Bergovegen.

Det kommunale vegnettet i Ulvik er generelt i god stand, men med nokre oppgraderingsbehov.

Hamn

2021 var første år med betaling av hamneavgift i Ulvik gjestehamn.

155 "gjestedøgn" vart registrerte. Dette gav ei inntekt på kr 22 000.


Me jobbar for å betre tilbodet i gjestehamna for å gjera Ulvik gjestehamn meir attraktiv for besökjande. Det er positivt at det er etablert drivstoffstasjon for båtar på Hjeltnessida.

Vaktmeistertenesta

Vaktmeistertenesta vart digitalisert i 2021, der alle aktivitetar vart registrerte i digitalt FDV-system. Tabell og diagram viser tal av gjennomførte aktivitetar, inkl. arbeid i vedlikehaldsprosjekt.

Gjennomførte aktivitetar i FAMAC 2021		
	%	tal
Brakanes skule	22,6	598
Symjehall	12,8	339
Fleirbrukshall	5,1	134
Elvatun	3,8	100

Gjenomførte aktivitetar i FAMAC 2021		
Finse skule	1,1	29
Gjelet	0,7	18
Heradshuset	2,8	75
Omsorgstunet	22,1	585
Uteområde	5,1	135
Vatn og avlaup	3,5	93
Utlegebustadar	0,7	18
Sentrumsbygget	12,9	341
Ulvik barnehage	6,2	164
Kyrkjegarden	0,4	10
Holmen idrottsanlegg	0,4	10
		2649



Arbeidspraksis og tilrettelegging

Teknisk utedrift hadde 3 personar i arbeidspraksis i 2021. Av dessa kom to inn i arbeid med ordning for varig tilretteleggingstiltak.

Me tok inn sju sommarvikarar: fire på utedrift og tre på reinhald sommaren 2021.

Reinhald

Reinhaldstenesta vart omorganisert i 2021 med mål om ein meir effektiv og fleksibel bruk av

ressursar og redusert vikarbruk. Den nye modellen har vist seg å vera effektiv.

Det har vore høgt sjukefråvær på reinhald i dei fem siste månadane i 2021, men me klarte oss utan vikarar.

Me har jobba mykje med ny modul i digitalt FDV-system, der målet er å digitalisera reinhaldstenesta. Dette arbeidet vil halda fram i 2022.

Eksterne midlar til ulike oppgåver og prosjekt

Teknisk eining har søkt om og fått fleire eksterne tilskot til ulike oppgåver og prosjekt.

Oversikt over tilskota og status på oppgåver/prosjekt visast i tabellen under.

Oppgåve/prosjekt	Tilskotsgjevar	Storleik	Eigen del	Status
Temaplan for biologisk mangfold	Miljødirektoratet	125 000,00	0,00	under arbeid
Kartlegging av universell utforming ved Brakanes skule og Ulvik barnehage	BufDir	130 000,00	50 000,00	ferdig
Revisjon av trafikktryggleiksplan	Vestland fylkeskommune	150 000,00	50 000,00	under arbeid
